



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2022



ULSTEIN
- der byg bryt bære

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- nyskaping
- omsorg
- rausheit
- mangfald



STYRINGSMÅL

- nøgde brukarar
- motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- godt omdøme
- god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- arbeider etter verdigrunnlaget
- set brukaren i fokus
- representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- følger lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- er utviklingsorienterte
- kommuniserer godt
- har endringsvilje
- er lojale
- har evne og vilje til leiing

Framsida- og baksidafoto: Janne-Marit Myklebust

OVERBLIKK	5
Innleiing ved kommunedirektør	6
Ordføraren har ordet.....	8
Flyktningkrisa	10
Ny brannstasjon	12
Kommunebarometeret	14
Prisvinnarar	16
Berekraft og digitalisering	18
ORGANISASJON OG ØKONOMI	21
Våre tilsette	22
Lærlingar	23
Sjukefråvær og arbeidsnærvær.....	23
Likestilling og diskriminering	24
Heiltidskultur.....	25
Avviksrapportering	26
Etikk og internkontroll	27
Driftsresultat.....	28
Investeringsrekneskapen	30
Balanse.....	31
Fond	32
Pensjon.....	33
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF	34
Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF	35
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF.....	36
Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal	37
Finansforvaltning	39
Likviditet.....	40
Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko.....	41
ETATSVISE OVERSIKTER	43
Sentraladministrasjonen	44
Helse- og omsorgsetaten	46
Oppvekst- og kulturosetaten	48
Teknisk etat	50
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	52
Organisasjonskart Ulstein kommune	53
Økonomiavdelinga.....	54
Personalavdelinga.....	54
Servicetorg og dokumentcenter	55
Pedagogisk-psykologisk teneste	55
Helse og omsorg.....	56
Helsestasjonstenesta	58
Legetenesta	59
Barnevern	59
Haddal skule	60
Hasund skule	60
Ulstein skule	61
Ulsteinvik barneskule.....	61
Ulstein ungdomsskule.....	62
Sundgotmarka barnehage.....	62
Ulstein kulturskule	63
Almejordet barnehage	63
Kulturavdelinga.....	64
Plan- og bygningsavdelinga	64
Anleggs- og driftsavdelinga	65
Inkludering og mangfald.....	65
Nav	66
Hareid og Ulstein brannvesen.....	66
Folkehelseprofilen 2023.....	69
Ulstein Eigedomsselskap KF.....	70

Overblikk

INNLEIING VED KOMMUNEDIREKTØR

ORDFØRAREN HAR ORDET

FLYKTNINGKRISA

NY BRANNSTASJON

KOMMUNEBAROMETERET

PRISVINNARAR

BEREKRAFT OG DIGITALISERING



Vi vart 240 fleire innbyggjarar i Ulstein i 2022. Framover må vi rekne med fleire elevar i skulane og barnehagane i kommunen. Her frå Hasund skule. Foto: Janne-Marit Myklebust

Vi vert fleire

Når eg ser tilbake på 2022 er eg mest overraska over at den største endringa dette året har glidd gjennom på ein så god måte som han har. Vi har busett 136 flyktningar i kommunen. Dette er fleire busettingar enn det som vart gjennomført i heile perioden frå 2016–2021 (115).

Det er gjort ein kjempejobb med å skaffe bustader, barnehageplass, skuletilbod og gjennomføre introduksjonsprogrammet for dei som skal gjennom det. I tillegg har vi eit asylmottak på 220 plassar. Dei som bur her er også ein del av lokalsamfunnet, og skal ha sin del av tenester frå kommunen.

Samarbeidet mellom kommuneorganisasjon, frivillige lag og organisasjonar og resten av lokalsamfunnet kan vi vere stolte av. Takk til alle, og ein ekstra takk til dei mange som har strekt seg litt ekstra for at vi skal kome i mål på ein god måte

VI VERT FLEIRE

Folketalet i Ulstein endra seg mykje i 2022. Vi var 8 557 innbyggjarar ved starten av 2022, og avslutta året med 8 797 innbyggjarar – ein auke på 240 innbyggjarar eller 2,8 prosent. Sjølvsaft er busetting av flyktningar den store drivaren i denne auken, men der er også eit fødselsoverskot på 28 personar og ei tilflytting utover mottak av flyktningar. Alt dette er positive signal for Ulsteinsamfunnet.

2022 var eit godt inntektsår for Ulstein kommune. Skatteinntekta var berre 91 prosent av landsgjennomsnittet, men lands-

gjennomsnittet var svært høgt og gav kommunen ei meirinntekt i høve til budsjettet på 15,5 millionar kroner. Mottak av flyktningar gav ei meirinntekt utover budsjettet på 20,3 millionar kroner. Når kommunen kan sette av 12,8 millionar kroner til disposisjonsfondet er det positivt sett i høve til kva vi har hatt dei siste åra, men det er lågt i høve til meirinntektene. Det betyr at drifta også i 2022 hadde eit betydeleg meirforbruk i høve til budsjett. I Ulstein Eigedomsselskap KF vart disposisjonsfondet redusert med 4,6 millionar kroner, hovudsakeleg grunna auka rentekostnader. Samla auka disposisjonsfondet til konsernet med 8,2 millionar kroner.

NYE OMSORGSBUSTADER

Der er definitivt utfordringar på driftsområda, spesielt innanfor helse og omsorg. Der er eit svært høgt trykk inn mot tenestene. Helseføretaket skal drive effektivt, og liggetida på sjukehus er svært kort. Dette aukar presset på kommunale tenester. Klarer ikkje kommunen å ta i mot utskrivingsklare pasientar, må vi betale for kvart døgn pasienten ligg på sjukehus. I 2022 betalte kommunen for 80 døgn.

Fram til 2022 har vi nesten ikkje betalt for slike opphald. Situasjonen i 2022 er eit signal på at det er eit for høgt press inn mot kapasiteten vår. Arbeidet med nye omsorgsbustader er difor eit viktig prosjekt å få realisert. Ut frå dei kalkylane vi har for bygget tidleg i prosessen, ser det ut til at byggekostnadene og driftskostnadene for bygget vert så høge at vi ikkje kan dekke det inn med husleige. Tilskota til denne typen bygg frå staten aukar ikkje i takt med byggekostnaden. Dette gir grunn til uro når vi ser at vi må auke kapasiteten på omsorgsbustader i åra som kjem for å møte behovet. Ulstein kommune har valt strategi og har bygd opp ein struktur med bemanna omsorgsbustader og låg institusjonsdekning.

Korleis tilskot- og byggekostnader for omsorgsbustader utviklar seg over tid, vil bety mykje for Ulstein kommune sine driftskostnader framover.

«SJÅ TIL ULSTEIN»

Sentrumsutvikling har stått høgt på agendaen i Ulstein kommune lenge. Konsentrert utbygging av sentrum har vore tema i arealdel av kommuneplanen og i parallelloppdraget. Seinare er det konkretisert i «300-metersbyen». Mange vil ha ei orientering om dette konseptet. Tidvis har eg hatt kjensla av at kommunalsjef helse og omsorg og kommunalsjef teknisk har vore handelsreisande med dette konseptet. I tillegg til «300-metersbyen» er driftsmodellen for omsorg og organisering av planarbeidet interessante tema for andre å høyre om. Det å ha gode planar, og det å vere i forkant, er viktig for å styre utviklinga i kommunen. Vi såg gjennom 2022 ein auke i aktiviteten på plansida, og arbeidet med områdeplan for sentrum har hatt lita framdrift. Dette er utfordringar som vi må løyse dersom det ikkje skal skape problem, meirarbeid og auke talet på dispensasjonssaker framover.

UTFORDRINGAR

I Økonomiplanen for 2022 til 2025 vart det peika på fem hovudutfordringar:

- ▶ underfinansiering av omsorgssektoren
- ▶ overføring av midlar frå oppvekstsektoren til omsorgssektoren på grunn av endring i demografi
- ▶ redusere presset på driftsbudsjettet frå renter og avdrag
- ▶ handtere risiko for auka rentenivå
- ▶ skape overskot ved å auke effektiviteten, redusere driftsnivå og auke inntekter

Korleis handterte vi desse utfordringane i 2022? I oppsett frå kommunane sin organisasjon KS, vert det dokumentert at tilføring av midlar til kommunesektoren ikkje dekker opp behovet som følger av endringane i demografi og utvikling i kostnader for brukarar med høgt omsorgsnivå. I kommunen

rapporterer vi om eit betydeleg meirforbruk i høve til budsjett for helse- og omsorgssektoren, sjølv etter auka tilføring av midlar i 2022.

Det er gjennomført overføring av midlar frå oppvekstområdet til helse og omsorg i 2022. Større overføringar ligg inne i planen framover i økonomiplanperioden. Ein av grunnane til dette var utvikling i elevtalet framover mot 2026 ut frå 2022-tal. Høgt mottak av flyktningar i 2022 og tilflytting gjer at dette bildet har snudd. Slik det ser ut no må vi rekne med ein auke i elevtal og i talet på barn i barnehage.

HANDTERING AV RISIKO FOR AUKA RENTE

Vi har meirkostnader knytt til auka rente, men høg rentesikring gir effekt, og kommunen har ein mykje lågare auke i rentekostnadene enn det vi ville hatt utan rentesikring.

Rapportert overskot vil vere høgt i 2022 i høve til tidlegare år, men det er lågt i høve til dei meirinntektene vi har fått gjennom året. Kor effektiv drifta vår har vore vil vi ikkje kunne lese ut før KS kjem med sin rekneskapsanalyse for norske kommunar basert på 2022-rekneskapskapen. Dette kjem fram mot sommaren. Auka resultat i 2022 skuldast meirinntekter. Klarer vi å halde effektiv drift og få overskot framover vil det gi eit auka handlingsrom.

ATTRAKTIVE

Ulstein kommune har eit godt grunnlag for å møte framtida. Vi har ein lett driven kommune som er liten i geografisk utstrekning. Vi har folkevekst og er attraktive. Det er fleire utbyggingsprosjekt for bustader under planlegging, og ei underliggende optimisme. Her er god infrastruktur for kommunale tenester sjølv om kapasiteten innanfor omsorgssektoren er pressa akkurat no. Den høge auken i folketal gjer at vi har høg utnytting av kapasiteten i barnehage og på fleire andre kommunale driftsområde. Her ligg det nokre utfordringar for 2023.

På litt lengre sikt er det rekruttering av fagpersonell som vil vere avgjerande for kvaliteten på kommunale tenester. Utfordringane med mangel på helsepersonell er kanskje den som er best kommunisert, men vi har mange fagmiljø som kvar for seg er avhengig av dyktige medarbeidarar.

Sist men ikkje minst, ein stor takk til alle for innsatsen i 2022. Det er eit ordtak som seier «It takes a village to raise a child» – kva krev det då å utvikle eit lokalsamfunn? Vi har behov for alle gode krefter inn i 2023.

VERNER LARSEN
kommunedirektør



Ordfører i Ulstein, Knut Erik Engh, fekk saman med Kongsberg Maritime sin nye administrerende direktør, Lisa Edvardsen Haugan, æra av å klippe snora for å markere at den nye produksjonslinja for nysatsinga til Kongsberg Maritime i Ulsteinvik no er tatt i bruk.

Foto: Jorulf Myrene/Vikebladet Vestposten

Nye høgdepunkt

Det aller kjekkaste i 2022 var å klatre heilt til topps i kommunebarometeret etter at vi vart slått på målstreken av Kongsberg kommune i 2021, men året bar med seg mykje anna positivt også.

Opninga av Kongsberg Maritime si nye produksjonslinje av elektriske thrustarar var eit anna høgdepunkt. Denne satsinga er eit tydeleg teikn på at den maritime næringa er på veg tilbake med nye framtidsretta og høgteknologiske produkt som skal bidra til det grøne skiftet. Eit anna døme på det er Olympic Shipping si bestilling av to nye skip retta mot havvindindustrien. For Ulstein Verft var dette den første nybyggingskontrakten på ei stund, og var nok kjærkomen. Island Offshore og ei rekke andre større og mindre bedrifter i regionen, melder om at framtidsutsiktene ser lysare ut enn på lenge. Arbeidsløysa er no om lag på det nivået vi hadde før oljenedturen tok til, hausten 2014. Næringslivet etterspør meir arbeidskraft, og då må kommunane i regionen legge til rette for at folk flyttar hit.

Folketalet i Ulstein auka med heile 240 personar i løpet av 2022. Berre Molde og Ålesund fekk fleire nye innbyggjarar i fjor. Ein stor del av forklaringa er at Ulstein busette rekordmange flyktningar frå Ukraina og andre stader (136 personar), men

sjølv utan desse ville det ha vore ein fin folkevekst. Vi har kome godt i gang med sal av tomtene i det nye byggefeltet på Skeide, og byggeaktiviteten tok seg betydeleg opp i 2022 samanlikna med dei siste åra. Utbyggerane melder om auka interesse, og omsetninga av bustader går godt.

For mange var nok det aller største høgdepunktet i 2022 at Hødd endeleg lykkast å ta steget opp i OBOS-ligaen, der har dei ikkje vore sidan 2016. Vi gratulerer!

Etter at eg tok over som ordfører i 2015 har det vore mange lange og tunge motbakkar, men det har vore ei rekke lyspunkt også. I tillegg til gode plasseringar i kommunebarometeret dei siste åra, har vi skåra veldig godt på ei rekke andre målingar også, som til dømes NHO sitt kommunebarometer, Ungdataundersøkingar og Helsedirektoratet sin folkehelseprofil. Vi har også mottatt ein rekke prisar, og nådde endåtil finalen i Kommunaldepartementet sin innovasjonspris i 2018. Ulstein

kommune vert lagt merke til på mange ulike felt, og vi har fått rykte på oss som ein kommune som «står langt framme i skoa». Dette motiverer og inspirerer meg til å vere med på reisa vidare. Eg har mange gonger vorte imponert over korleis våre tilsette og folkevalde løyser utfordringane på strak arm. Ulstein er ikkje ein rik kommune, men vi evnar å løyse oppgåvene våre på ein smart og effektiv måte – og det gir resultat.


Rekneskapsresultatet for 2022 vart heller ikkje all verda å skryte av, men vi held oss framleis på rett side av streken. Det som er aller mest gledeleg er at vi no ser tydelege teikn på at gjelda vår er på retur, og at vi no får betalt for rentesikringsstrategien vår. Sjølv om vi framleis skal gjennomføre store investeringar dei komande åra, er det viktig at vi held fast på målet om at gjelda skal ned. Dette vil gi oss meir handlingsrom.

Til hausten er det kommunestyre- og fylkestingsval, og det er alltid spennande å sjå korleis det slår ut. For eigen del håper eg det går såpass bra at eg får moglegheit til å skrive neste års helsing, i årsrapporten for 2023, men det er det opp til andre å avgjere. Eg vil uansett nytte høvet til takke alle saman for den gode innsatsen de har lagt ned og det gode samarbeidet vi har hatt.

Ej set stor pris på dokke!

KNUT ERIK ENGH
ordfører

UTVIKLING AV LÅNEGJELD




“Vi har fått rykte på oss som ein kommune som «står langt framme i skoa»



Nokre dagar som ordførar er kjekkare enn andre. Her frå opninga av nytt leikeområde ved Hasund skule, saman med varaordførar Stian Skorgen Scheide. Foto: Janne-Marit Myklebust

ENDRING I FOLKETAL I MØRE OG ROMSDAL 2022





Nokre av dei tilsette ved IMU. Frå venstre framme: Mali Åm, Magni Holstad, Yonas Berhane, Susanne Løset, Zaneta Gryckiewicz, Arnhild Bigset og Marieke Christiansen. Midtre rad frå venstre: Patricia Grimstad, Karen Lee Ling Lim, Liudmyla Starodubtseva, Janita Vattøy, Hanne Indregård, Ingvild Ramstad Holm, Ann Cesilie Skundberg, Lena Værnes Løseth, Norunn Festøy Ottosen og Marit Messenlien Ingjerd. Bak frå venstre: Lars Erling Bjåstad Hovlid, Kristin Haddal Ruby, Heidi Kvalvik, Heidi Mundal og Einfrid Grindheim.
Foto: Dovile Senkeviciute

– Aldri før har det vore behov for å jobbe så smart og effektivt

24. februar vart Ukraina invadert av Russland, og med det stod Europa overfor den største konflikten sidan andre verdskrig. Fleire millionar menneske er drivne på flukt. Av desse kom over 30 000 til Noreg, og 136 av flyktningane vart busett i Ulstein kommune i 2022.

Dette er ei fleirdobling frå tidlegare år. Ulstein kommune vart også igjen vertskommune for Link AS sitt asylmottak. Året har difor gitt oss mange nye sambygdingar.

MOBILISERING OG VELVILJE

Då kommunestyret i mars gjorde vedtak om å busette 135 personar, skjedde ikkje det på grunn av ledig kapasitet i tenestene, eller at dette passa så godt, men på grunn av at ein så stor konflikt i vårt nærrområde kravde at alle bidrog. I vedtaket frå kommunestyret

var det handlingsrom til å auke kapasiteten i tenestene som ville få særleg press. Dette har vore avgjerande for å kunne yte gode tenester.

Avdelinga inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningar. Etter vedtaket i kommunestyret opplevde dei tilsette ved IMU enorm mobilisering og velvilje for å gi dei nye sambygdingane våre ein god start i kommunen, i ein krevjande livssituasjon.

– Busettinga har vist kor viktig godt samarbeid på tvers av tenestene er – særleg når det stormar og er krevjande

Både lag og organisasjonar og privatpersonar tok kontakt med tilbod om praktisk hjelp og aktivitetar. Dei ulike kommunale tenestene i Ulstein var raskt på ballen og rigga raskt gode tilbod.

Her viste lokalsamfunnet seg frå si aller beste side.

SAMARBEID

Første steg var å finne husrom til alle. Ulstein Eigedomsselskap KF tok ansvar for dette, og samarbeida både med IMU og teknisk etat for å finne gode løysingar i den private marknaden. Skulane rigga velkomstklassar, barnehagane tok inn og gav rom for nye barn, helsestasjonen og legeteneste tok ansvar for smittesporing og oppfølging. Dei aller fleste tenestene i Ulstein kommune har på ulikt vis bidrege.


VILJE TIL Å YTE

IMU har både vaksenopplæring, introduksjonsprogram for busette flyktningar og oppfølging av flyktningar som viktige tenestebidrag. Alle områda opplevde ein enorm auke i tenestebehovet, og aldri før har det vore behov for å jobbe så smart og effektivt. Mange

av dei tilsette har gitt uttrykk for at mykje har gått overraskande bra. Dyktige tilsette i dei kommunale tenestene, og vilje til å yte litt ekstra har vore avgjerande. Busettinga har vist kor viktig godt samarbeid på tvers av tenestene er – særleg når det stormar og er krevjande. Samtidig har sjølvstekt ikkje alt gått smertefritt. Vi har møtt på utfordringar mellom anna med å etablere nok kapasitet raskt nok og med god nok kvalitet.

Å flykte frå krig og etablere seg ein ny stad er for mange svært tøft. Som flyktning skal du lære eit nytt språk, forstå og handtere nye samfunnssystem og nye sosiale kodar, finne din plass i nye fellesskap og mykje meir, alt medan det er krig i heimlandet. Mange har også familiemedlemer som er aktivt deltakande i krigen eller er direkte råka av krigen. Når vi jobbar med menneske går ikkje alt alltid som vi ønsker eller legg planar for. Den overordna erfaringa og tilbakemeldinga frå veldig mange av dei som har kome til Ulstein kommune er likevel at trass i den krevjande situasjonen, har Ulstein vore ein god stad å kome til.

LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID
leiar IMU



Inkludering og mangfald saman med Ulstein Eigedomsselskap KF. Frå venstre: flyktningkonsulent Lena Løseth, flyktningkonsulent Kristin Haddal Ruby, leiar for avdeling for inkludering og mangfald Lars Erling Bjåstad Hovlid, rådgivar bustad og utleige Trine Sæter (Ulstein Eigedomsselskap) og bustadkoordinator Eli-Marte Fjærtøft (Ulstein Eigedomsselskap). Foto: Janne-Marit Myklebust



– Eit kvantesprang frå garasjen vi flytta frå

– Eg trur heile den gamle stasjonen vår passar inn i garasjen her, seier brannsjef Olav Helt Brubakk inne i den nye vognhallen til Ulstein brannstasjon i Holsekerdalen.

Det er januar 2022, og brannstasjonen er akkurat overlevert til byggherre Ulstein Eigedomsselskap KF frå entreprenøren HS Rise Bygg.

– Eg trur vi kan seie to, med god margin. Det er ei ny tidsrekning. Før og etter, seier leiar beredskap, Harald Øvereng.

– Eit kvantesprang frå garasjen vi flyttar frå, stadfestar kommunalsjef teknisk, Arne Runar Vik.

FRAMTIDSTRU

På stasjonen er det fire kontor som feietenesta og brannleiinga deler på.

I tillegg er det god garderobekapasitet, og også noko som har vore sårt sakna på den gamle stasjonen: damegarderobe.

– No er det kanskje håp om å rekruttere kvinner, seier Olav Helt Brubakk.

Brannkorpset har i dag berre menn, 12 røykdykkarar og fire sjåførar.

Budsjettet for ny brannstasjon var på 36 millionar kroner inkludert tomt. Stasjonen er bygd innanfor budsjett.

Det var i 2022 16 år sidan det første innspelet om behovet for ein ny stasjon kom. Den gamle stasjonen i Krushammervegen vart bygd i 1965, og har i fleire år ikkje vore verken tenleg eller lovleg. Stasjonen har levd på dispensasjon og godvilje, med ein heilt ny stasjon som drivkraft og einaste moglege løysing for branntenesta.

Ulstein brannstasjon er knytt til fjernvarmeanlegget til kommunen. Dette er den sjuande energisentralen som er knytt til det kommunale fjernvarmeanlegget.



FØR



Trongt om plassen i gamlestasjonen i Krushammervegen. Foto: Janne-Marit Myklebust

ETTER



Vognhallen i den nye stasjonen rommar alle bilane – og litt til. Foto: Janne-Marit Myklebust

Til venstre: Ordførar Knut Erik Engh og brannbamsen Bjørnis stod for snorklippinga då den nye brannstasjonen i Holsekerdalen vart offisielt opna i september 2022. Harald Øvereng til høgre. Foto: Janne-Marit Myklebust



Nøgd brannsjef

Olav Helt Brubakk under den offisielle opninga av brannstasjonen i Holsekerdalen. Foto: Janne-Marit Myklebust



Neste på ønskelista for brannsjef Olav Helt Brubakk og leiar beredskap Harald Øvereng, ein stige bil i litt større format enn denne. Foto: Janne-Marit Myklebust



Ordførar Knut Erik Engh og kommunedirektør Verner Larsen gliste heilt rundt i eit regn av konfetti, då dei endeleg fekk lov til å dele den glade meldinga om at Ulstein kommune har tatt førsteprisen i Kommunebarometeret 2022.

– Det ligg ein vilje blant dei tilsette i kommunen til å levere gode tenester. Dei tilsette leverer dag etter dag, og strekker seg langt. Det vert gjort ein formidabel innsats i organisasjonen, seier Larsen.

– Eg er ekstremt stolt av laget mitt, seier Engh.

Tøffelbyen, 5-minuttersbyen eller 300-metersbyen. Kjært barn har mange namn, og det er nettopp denne eigenskapen med Ulstein som gjorde at kommunen kneip tak i førsteprisen i barometeret som er utvikla av Kommunal Rapport.

«Sentrumsutvikling tar Ulstein til topps» - var overskrifta i nemnde tidsskrift, der ordføraren også fortel om korleis Ulstein legg til rette for at eldre kan flytte inn til sentrum i leilegheiter og omsorgsbustader når dei ikkje lenger kan bu i einbustadene sine.

– Vi gjer det svært bra innan skule og helse og omsorg, og så har vi ein del å gå på når det gjeld barnevern og økonomi, summerer Engh opp.

– Men eg er stolt av barnevernet vårt, legg han til.

– Dei har forbetra seg mykje og jobbar systematisk. Og det som er bra med Kommunebarometeret er at det også gir oss klare svar på kva vi treng å jobbe meir med.

– LOV Å VERE STOLT

Å toppe Kommunebarometeret krev hard jobbing i ein stor organisasjon. Å halde seg på topp krev også vidare jobbing.

– Ambisjonen er å ligge på topp ti. Vi ser at det er vanskeleg å halde pallplassen over tid. Det er som med 400 meter hekk. Du må utvikle deg litt meir enn konkurrentane dine for å kome først over målstreken. I dei kommunale tenestene er det slik at det vil vere enkelt å ta ut ein stor gevinst når du har stort forbettringspotensial, mens dette vil vere langt vanskelegare om du allereie stangar i toppen.

Å kvile på lauvbæra er altså ikkje aktuelt – i lengda.

– Men vi må få lov til å klappe oss sjølve på skuldra og vere stolte og glade over kva vi har fått til. Eg gler meg til kvar gong Kommunebarometeret vert publisert, for å sjå kva vi har vorte betre på og kva vi må jobbe vidare med, seier Engh.



Kommunedirektør Verner Larsen og ordfører Knut Erik Engh jublar over topplassering i Kommunebarometeret, og feirar med papirkonfetti. I tillegg vart det kake på alle tilsette. Foto: Janne-Marit Myklebust

Ulstein – best i test

2022 var året då Ulstein kommune kraup heilt til topps i Kommunebarometeret. Førsteplass av 356 norske kommunar. Då er det lov å danse i konfettiregn.

FAKTA

KOMMUNEBAROMETERET

Ei samanlikning av alle dei 356 norske kommunane basert på til saman 151 nøkkeltal innan 12 ulike sektorar.

Målet er å gi ei lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen driv.

Resultatet er ikkje perfekt, men gir ein indikator, moglegheit til å stille spørsmål – og ikkje minst lære av dei beste.

Tala er i hovudsak henta frå SSB sin Kostra-database, tal for 2020. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarkforsking.

Kjelde: Kommunal Rapport



PRISDRYSS TIL ENGASJERTE TILSETTE

«Storeslem» for teneste for psykisk helse og rus

Bildet over: Årets nyskaping går til teneste for psykisk helse og rus, for satsinga med aktivitetsgrupper. Frå venstre: Margaret Bjerkvik, Astri-Louise Nevstad og Gina Nesset Havåg. Foto: Janne-Marit Myklebust

Ikkje berre står dei bak årets nyskaping 2022. Gjengen i teneste for psykisk helse og rus fekk også med seg den gjeve arbeidsmiljøprisen.

– Det er alltid godt å kome på jobb! Rosar gjengen i teneste for psykisk helse og rus – og dermed har dei lagt inn eit kronargument for kvifor akkurat dei fortener arbeidsmiljøprisen til Ulstein kommune for 2022.

Teneste har seks faste stillingar og to prosjektstillingar og er ei tverrfagleg samansett gruppe med sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, ergoterapeutar, fysioterapeut, sosionom og barnevernspedagog.

ARBEIDSMILJØPRISEN

Slik skildrar dei sjølve arbeidskvardagen sin:

– Arbeidsdagen vår er både variert, og til tider svært krevjande. Behovet for tenestene våre har vore aukande i mange år. Utfordringane står i kø, og ingen arbeidsdag er lik. Det skjer at vi kjem i utrygge situasjonar, men i kollegagrappa vår har vi eit trygt miljø der vi kan hente støtte. Vi har gode rutinar som vi følger for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø.

Stor takhøgd og godt samarbeid vert løfta fram som hovudgrunnen til det gode arbeidsmiljøet.

– Vi har ulike personlege eigenskapar, og saman med den tverrfaglege kompetansen utfyller vi kvarandre godt. Vi deler arbeidet mellom oss og har stor medbestemming når det gjeld fordeling av brukarar og oppgåver. Vi har eit høgt fagleg nivå og gir gode tenester til innbyggjarane våre. Vi prøver å ha fokus på 24-timarsmennesket, og tenker at vi er eit godt og samansveisa team. Om vi ikkje alltid er samde, har vi stor takhøgd og mykje humor.

Dei har også lagt ned stor eigeninnsats for å gjere lokala i Ulshaugen 2a meir trivelege, og fortel at dei drøymmer om nye lokale saman med heimetenesta.

Arbeidsmiljøprisen er ein diplom, blomster og 10 000 kroner.

ÅRETS NYSKAPING

Arbeidet til teneste for psykisk helse og rus har vorte lagt merke til. Dei to siste åra har dei oppretta fleire aktivitetsgrupper med tilbod om mellom anna bassenggruppe, turgruppe/klatregruppe, og sirkeltrening kvar fjortande dag. Frå 2022 har dette gruppetilbodet fungert svært godt. Gruppene gir brukarane som deltek både struktur og ein aktiv kvardag. Det skaper samhold og meistring i ein elles krevjande kvardag for mange med psykiske helseproblem eller rusutfordringar.

– Å bygge eit inkluderande samfunn er eit av grunnprinsippa til Ulstein kommune. Å ha gode møteplassar er éin måte å lykkast med dette. Vinnarane har oppretta fleire ulike aktivitets-

grupper for menneske som har ulike utfordringar innan rus og psykiatri. På desse møteplassane får nokre av dei mest sårbare personane våre ein arena å møte andre på og verte inkludert. Dette er positivt både for det sosiale og for den psykiske og fysiske helsa. Vinnarane har skapt noko som både er nyttig og berekraftig for brukarar og for lokalsamfunnet vårt, helsa Hanne Notøy og Stian Skorgen Scheide frå formannskapet/innovasjonsutvalet, då dei delte ut prisen for Årets nyskaping.

Årets nyskaping får diplom, blomster og 10 000 kroner – i tillegg til «vandrepokalen» som kvar ny vinnar får låne i eit år.



Glade vinnarar av Arbeidsmiljøprisen 2022. Frå venstre: Eldbjørg Ertesvåg, Margaret Bjerkvik, Gina Nasset Havåg, Astri-Louise Nevstad, Solgunn Høyvik Moltubakk og Silje Kleven Eriksen. Ikkje til stades: Monika S. Garnes, Gunn Grønmyr og Berit Velsvik. Foto: Janne-Marit Myklebust



Øyvind Grimstad Hagen og Ole Terje Sukka ved Ulsteinvik barneskule er kåra til Årets nyskaparar 2022 i Ulstein kommune.

Dei har gjennom to prosjekt på Ulsteinvik barneskule bidrege til å vise elevane kreativitet og korleis dei kan nytte teknologien til å skape noko nytt. Dei har gjennomført to «livesendingsprosjekt», Maskorama og Alle mot rektor, basert på NRK-program.

Dei har lagt ned stor innsats og gjennomførte profesjonelt med deltaking frå både tilsette og elevar. Dette skapte eit sterkt fellesskap på skulen og var ei svært positiv hending for både elevar og tilsette. Prosjektet har bidrege til å skape eit godt samhold mellom elevar og tilsette i skulen. Dette er noko som elevane vil hugse på når dei tenker tilbake på skuletida si.

Årets nyskaparar

– De inspirerer til nytenking, og er gode rollemodellar!

Ole Terje Sukka og Øyvind Grimstad Hagen er Årets nyskaparar 2022 i Ulstein kommune. Foto: Karen Strand

– De har gjennom mange år utmerkt dykk kreativt og positivt både blant lærarar, elevar og føresette. De har på eige initiativ funne fram til ulike konsept og idear, og er gode til å bruke verktøya de har tilgjengeleg for å gjennomføre. Maskorama og Alle mot rektor er berre det siste årets gode idear. De inspirerer dei rundt dykk til å tenke nytt, og er gode rollemodellar for både kollegaer og tilsette, helsa Hanne Notøy og Stian Skorgen Scheide frå formannskapet/innovasjonsutvalet, då dei delte ut prisen på personalfesten til kommunen.

Prisen er diplom og blomster, 2 000 kroner, og deltaking på ein valfri konferanse med nyskaping som tema.



Foto: Svein Arne Orvik

ULSTEIN KOMMUNE HAR HATT SPESIELT FOKUS PÅ FØLGANDE MÅLOMRÅDE:

- **berekraftsmål 3:** God helse og livskvalitet
- **berekraftsmål 4:** God utdanning
- **berekraftsmål 11:** Berekraftige byar og lokalsamfunn
- **berekraftsmål 9:** Industri, innovasjon og infrastruktur

Gjennom eit globalt system utarbeidd av FN har Ulstein kommune kartlagt berekraftsprofilen sin. Berekraftsprofilen bygger på over 100 ulike indikatorar. Fleire av indikatorane gjeld faktorar som Ulstein kommune har lite styring og moglegheit for påverknad på, medan andre har vi stor påverknad på.

DIGITALISERING OG DIGITAL TRANSFORMASJON – SAMAN GJER VI LIVET GODT

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å få til ein betre kvardag både for dei som jobbar og dei som bur i kommunen. Men digitalisering og digital transformasjon er også krevjande! Det inneber at vi skal endre oss samtidig som vi skal levere gode tenester innanfor dei rammene vi har til rådvelde. Gevinstane av digitalisering kjem gjerne ikkje straks, og ofte kjem gevinstane ein annan stad enn der innsatsen vert lagt ned.

HER ER NOKRE AV DEI STØRSTE DIGITALISERINGSPROSJEKTA SOM HAR VORTE GJENNOMFØRT OG SOM VI HAR SETT RESULTATET AV I 2022 I ULSTEIN KOMMUNE:

- **Innbyggjarportalen Min kommune:** Vi har konfigurert opp Min kommune som er eit digitalt kaldtbord for innbyggjarane våre. Her finn innbyggjaren alle statlege og kommunale digitale tenester på ein stad.
- **Møtesystem Kaukus:** Digital handtering av oppgåver til politiske møte. Vi nyttar oss av modulen for automatisk varainnkalling.
- **Innføring av nytt økonomi-, lønns- og personalsystem:** Saman med dei andre kommunane i sjustjerna har vi kjøpt nytt system frå Visma. Konfigurasjon, oppsett, og utrulling starta hausten 2021. I 2022 har vi jobba for å ta i bruk meir funksjonalitet.
- **Kvalitetssystem Samsvar:** Oppgradering av eksisterande system, med nye digitale funksjonar som til dømes avviksmelding via mobil, eigen modul for personvern og kommuneplikter.
- **Microsoft 365:** Skybasert fillagring og samhandlingsplattform for alle tilsette.



Berekraft og digitalisering

Gjennom berekraftsfylket Møre og Romsdal har Ulstein – i lag med alle dei andre kommunane i fylket, forplikta seg til å arbeide med dei 17 berekraftsmåla utarbeidd av FN.

- **FIKS-plattform:** Ny oppslagsrolle i Folkeregisteret direkte mot Skatteetaten, for smidigare saksbehandling av redusert foreldrebetaling. SvarUT (digital post ut) etablert i dei fleste fagsystem (sak/arkiv, PPT, helsestasjon, helse/omsorg, personal/økonomi, flyktning/vaksenopplæring).
- **PAS –Eksamen:** Nye eksamensformer i grunnskulen etter læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020, heildigital eksamen i norsk og engelsk.
- **DKS-portalen:** Administrasjon av verkstader og lokale prosjekt, og planlegging og rapportering i Den Kulturelle skulesekken for grunnskulen.
- Digitale reinhaldsplanar for reinhaldarane i Ulstein Eigedomsselskap KF.
- **Velferdsteknologi:** Implementert ulike velferdsteknologi i helse og omsorg. Blodsuktermåling med automatisk varslingsfrå pasientar. Prosjekt med digital heimeoppfølging.
- **Arealplaner.no:** Digitalt planregister som inneheld både plankart og føresegnar, kan vise dispensasjonar samla innanfor ein reguleringsplan. Har funksjonalitet for innbyggardialog i høyringssaker.

Organisasjon og økonomi

ORGANISASJON

VÅRE TILSETTE

LÆRLINGAR

SJUKEFRÅVÆR OG ARBEIDSNÆRVÆR

LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

HEILTIDSKULTUR

AVVIKSRAPPORTERING

ETIKK OG INTERNKONTROLL

ØKONOMI

DRIFTSRESULTAT

INVESTERINGSREKNESKAPEN

BALANSE

FOND

PENSJON

KONSERNET ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE
OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR OG

FINANSIELLE MÅLTAL

FINANSFORVALTNING

LIKVIDITET

LÅNEGJELD, RENTE- OG
REFINANSIERINGSRISIKO

Våre tilsette

I alt 710 personar fordelt på 576,8 årsverk var tilsett i Ulstein kommune ved utgangen av 2022.

I denne årsrapporten har vi brukt tal henta frå Visma Enterprise BI. Tidlegare år har vi brukt KS sine tal i statistikkpakken.

Kva som er med i grunnlag for teljing er noko ulikt og difor ikkje heilt samanliknbart år for år.

TILSETTE FORDELT PÅ 10-ÅRIG ALDERSGRUPPER OG KJØNN, TAL OG PROSENTDEL

Aldersgruppering 10 år	År	2022	2022
	KJØNN	TAL	PROSENT
<25 år	Kvinner	42	5,92 %
<25 år	Menn	9	1,27 %
<25 år	Total	51	7,18 %
25-34 år	Kvinner	115	16,20 %
25-34 år	Menn	29	4,08 %
25-34 år	Total	144	20,28 %
35-44 år	Kvinner	129	18,17 %
35-44 år	Menn	46	6,48 %
35-44 år	Total	175	24,65 %
45-54 år	Kvinner	134	18,87 %
45-54 år	Menn	30	4,23 %
45-54 år	Total	164	23,10 %
55-64 år	Kvinner	122	17,18 %
55-64 år	Menn	32	4,51 %
55-64 år	Total	154	21,69 %
>64 år	Kvinner	20	2,82 %
>64 år	Menn	2	0,28 %
>64 år	Total	22	3,10 %
Total		710	100,00 %

TILSETTE OG ÅRSVERK FORDELT PÅ OMRÅDE

År		2021	2021	2022	2022
ORG.EINING GRUPPE1		TAL ÅRSVERK	TAL TILSETTE	TAL ÅRSVERK	TAL TILSETTE
0	Ukjent org.eining	2,38	3		
10000	Kommunedirektør	2,00	2	1,50	2
11000	Org. og utv.	34,30	38	21,82	24
20000	Oppvekst	258,92	297	278,90	319
30000	Omsorg	218,48	285	249,09	313
50000	Teknisk	24,53	54	24,28	53
60000	Politisk	1,20	2	1,20	2

Lærlingar

I starten av 2022 var det ni lærlingar som hadde kontrakt med Ulstein kommune via Opplæringskontoret sørre Sunnmøre. Ved utgangen av året var talet på lærlingar elleve.

Lærlingane i Ulstein kommune har vore fordelt på barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget og institusjonskokk. Fire av lærlingane gjennomførte fagprøve i 2022. Tre av fire fekk bestått fagprøva.

Både opplæringskontoret og fagleiarane i kommunen har jobba godt med tilrettelegging og oppfølging for å sikre at lærlingane kjem i mål med fagprøva. Samarbeidet med opplæringskontoret er svært godt.

I tillegg til ordinære lærlingar har Ulstein kommune engasjert

seg i to andre regionale/fylkeskommunale prosjekt som skal gi tilbod om læreplass og sikre mangfald og integrering.

Ulstein kommune har i samarbeid med Nav, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre kommunar på Søre Sunnmøre arbeidd for å etablere tilrettelagde løp for fagopplæring. I 2018 starta eit treårig opplæringsløp i helsefag for 15 deltakarar i sjustjerna. Frå fylkeskommunen si side vart det lagt opp til læretid på eitt år for desse lærlingane. Bakgrunnen for dette var at dei i dei to første åra har hatt praksis tilsvarande eitt år. Dei kandidatane som var under denne ordninga er ikkje alle i mål med fagbrev etter fire år. Dei nye kandidatane som starta opp i 2021, vil ha ei læretid på to år.

Sjukefråvær og arbeidsnærvær


Ulstein kommune har ei målsetting om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7 prosent. Tabellen på neste side viser samla sjukefråvær, både eigenmeldt og legemeldt.

Sjukefråværet for heile Ulstein kommune vart 9,51 prosent, noko som er høgare enn tidlegare år. Året starta med eit svært høgt fråvær i første kvartal, der vi i mars var oppe i 13,17 prosent. Resten av året har fråværet vore tilnærma likt med 2021. Fråværet i oppvekstetaten var 13,5 prosent i første kvartal, før det gjekk ned til eit årsresultat på 9,77 prosent. I

omsorgsetaten var fråværet i første kvartal på 11,42 prosent, og årsresultatet var på 10,04 prosent. Samanlikna med tidlegare år, er det særleg det høge fråværet i oppvekstetaten som både i 2021 og 2022 skil seg ut. Vi veit at mykje av det høge fråværet i første kvartal skuldast pandemi og post-pandemi.

Meir detaljert om sjukefråvær i etat og i avdelingane vert opplyst og kommentert under kvar avdeling annan stad i årsrapporten.

UTVIKLING I SJUKEFRÅVÆRET FOR ULSTEIN KOMMUNE



Likestilling og diskriminering

Likestillings- og diskrimineringslova seier noko om arbeidsgivar si aktivitetsplikt i § 26:

Alle arbeidsgivere skal, innenfor sin virksomhet, arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjoner av disse grunnlagene, og søke å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold. Arbeidet skal blant annet omfatte områdene rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremmelse, utviklingsmuligheter, tilrettelegging og mulighet for å kombinere arbeid og familieliv.

I alle offentlige virksomheter, uavhengig av størrelse, og i private virksomheter som jevnlig sysselsetter mer enn 50 ansatte, skal arbeidsgiver innenfor sin virksomhet

- ▶ undersøke om det finnes risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling, herunder annethvert år kartlegge lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid,
- ▶ analysere årsakene til identifiserte risikoer,
- ▶ iverksette tiltak som er egnet til å motvirke diskriminering, og bidra til økt likestilling og mangfold i virksomheten og
- ▶ vurdere resultater av arbeidet etter bokstav a til c.

Jamfør § 26 a, pliktar arbeidsgivar å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda, og kva vi gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Kjelde: Lovdata, Likestillings- og diskrimineringslova

Likelønn: Vi har jobba aktivt med å sikre likelønn for kvinner og menn gjennom rekruttering og i lønnspolitikken. I 2022 er vi nøgde med eit resultat som viser at grunnlønna til kvinner i prosent av menn, justert for stillingskode, er 103,2 prosent, og justert for utdanning er talet 100,6 prosent. Ujustert er grunnlønna til kvinner, i prosent av menn si

grunnlønn, 99 prosent i Ulstein kommune i 2022. Dette er tre prosentpoeng betre enn snittet av alle norske kommunar. Som tabellen under viser, har vi hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Dette er eit resultat av aktiv lønnspolitikk både frå arbeidsgivar og fagorganisasjonane si side.

JUSTERT FOR	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Stillingskode	95,5	96,9	98,1	98,5	101,2	101	100,8	103,2
Utdanning	93,9	96,3	98,6	95,7	100,3	100,4	100	100,6

Utvikling i lønnsforhold justert for ulike faktorar i Ulstein kommune. Gjennomsnittleg grunnlønn per månadsverk for kvinner i prosent av menn si lønn.

Heiltidskultur: Gjennom ein treårsperiode har Ulstein kommune jobba aktivt med å etablere heiltidskultur i organisasjonen vår. I tillegg til å sikre gode og likestilte tenester for brukarane våre, er dette også eit vesentleg arbeid for å styrke likestilling mellom kvinner og menn, sidan det i hovudsak er kvinner som arbeider deltid. Det organiserte prosjektet vart avslutta i 2021, men arbeidet med implementering held fram, og utviklinga er positiv.

Kvinner og menn i leiarstillingar: I kommunedirektøren si leiargruppe er der tre menn og fire kvinner. I gruppa av einingsleiarar er der 16 kvinner og fem menn.

Både leiinga og dei tillitsvalde i Ulstein kommune har og tar ansvar for å løfte spørsmål, vurdere risiko og gjere naudsynte grep for å hindre diskriminering av kvinner og menn. Dette kjem særleg til uttrykk i val av lønnspolitikk, arbeidstidsordningar, tilrettelegging, permisjonar og ved rekruttering.


Heiltidskultur

I arbeidet med å etablere og sikre heiltidskultur i Ulstein kommune har vi lagt vekt på tenestekvalitet, kontinuitet, kompetanse, arbeidsmiljø, nærvær og leiing.

I tabellen ser vi at 52,8 prosent av våre tilsette har 100 prosent stilling i 2022, mot 38 prosent i 2015. Vi ser også at dei som har auka stillingsprosenten sin, er kvinner som har hatt lågare stillingsprosent tidlegare. Dette viser ei fin og svært positiv utvikling, men vi har framleis eit svakare

resultat enn landssnittet for norske kommunar, der 62,9 prosent av dei tilsette har 100 prosent stilling, og gjennomsnittleg stillingsprosent per tilsett er 82 prosent. At vi har låg prosentdel av menn med heiltidsstilling kan forklarast med at vi har mange brannkonstablar med låg stillingsprosent (1,68 prosent). Desse har i all hovudsak 100 prosent stilling hos andre arbeidsgivarar.

GJENNOMSNI TTLEG STILLINGSPROSENT PER TILSETT FORDELT PÅ SEKTOR




I brannvesenet/teknisk er det mange deltidsstillinger med låg stillingsprosent. Desse er del av brannberedskapen og har stort sett heile stillingar hos annan arbeidsgivar i tillegg.

HEILTIDSKULTUR – UTVIKLING 2015-2022

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
0 - 24,9% Alle	13	13	10,8	12,7	10,1	12	11,5	12
Kvinner	10,7	9,5	8,6	8,3	5,8	8,6	7,7	8,6
Menn	22	25,7	19,3	27,7	24,6	23,3	25	23,3
25-49,9% Alle	7,6	8	7,4	8,6	6,9	7,3	6,8	7,3
Kvinner	7,4	8	7,5	8,9	7,1	7,5	6,5	7,5
Menn	8,5	8,1	7,1	7,7	6,3	6,7	7,9	6,7
50-74,9% Alle	20,2	16,9	16,5	15,9	16,1	14,2	14,8	14,2
Kvinner	22,7	18,2	17,6	17,3	18,4	15,5	16,6	15,5
Menn	10,2	12,2	12,1	11	8,5	9,8	8,5	9,8
75-99,9% Alle	21,1	24,4	21,8	20	17,6	16,9	17,8	16,9
Kvinner	24,2	29,9	25,5	23,7	23,7	19,4	19,9	19,4
Menn	8,5	4,7	7,1	7,1	7	8,6	10,4	8,6
100% Alle	38,1	37,7	43,5	42,8	49,3	49,6	49,1	49,6
Kvinner	34,9	34,5	40,7	41,7	48	49,1	49,3	49,1
Menn	50,8	49,3	54,3	46,5	53,5	51,5	48,2	51,5

PROSENTVIS DEL HEILTIDSTILSETTE I HELSE- OG OMSORGTENESTER I ULSTEIN KOMMUNE



Heiltidskultur handlar om mykje meir enn turnus og arbeid innan helse og omsorg. Likevel er dette eit felt det må jobbast ekstra godt med.

Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik.

Tilsette som er utsette for vald og trugslar på jobb, er ei omfattande utfordring både lokalt og sentralt. Dette tek vi svært alvorleg. Tiltak vert sett inn på fleire nivå; kurs og opplæring i regi av bedriftshelsetenesta, samarbeid med andrelinjetenesta om individuelle tiltak for førebygging og handtering, kompetanseheving, samarbeidsmøte og kvalitetsarbeid. Også i 2022 har vi hatt fleire gjennomgangar med

risikovurdering og iverksetting av tiltak i samarbeid med bedriftshelsetenesta. I tillegg har vi hatt god kontakt med politiet for hjelp til førebygging og handtering av alvorlege hendingar. Også organisering av arbeidet og fordeling av ressursar er tiltak som skal førebygge vald og trugslar og sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Avvik på HMS og vald og trugsmål er tema i arbeidsmiljøutvalet. Det vert heile tida arbeidd for at dette skal vere eit system for continuerleg forbetring.

AVVIK/AVDELING	TENESTEKVALITET	HMS	TRUGSLAR OG VALD	INFORMASJONS-SIKKERHEIT	SUM AVVIK
Helse- og omsorgsetaten	232 (225)	33 (28)	101 (313)	6 (4)	372 (570)
Oppvekst- og kulturosetaten	2 (13)	11 (35)	61 (66)	- (5)	74 (119)
Teknisk etat	3 (-)	1 (-)	-	-	4 (-)
Sentraladministrasjonen	4 (-)	1 (2)	-	2 (2)	7 (3)
UEKF	- (1)	2 (1)	-	-	2 (2)
SUM AVVIK	241 (239)	48 (65)	162 (379)	8 (11)	459 (694)

Tal frå 2021 i parentes.

Etikk og internkontroll

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette i Ulstein kommune.

Retningslinjene skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og til å unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Kommunestyret, kommunedirektør og einingsleiarar skal utøve eit leiarskap basert på høg etisk standard. Etikkreglementet er forankra i kommunen sine kjerneverdier: nyskaping, omsorg, rausheit og mangfald.

Retningslinjene vert gjort kjent for alle tilsette ved tilsetting. Lojalitet mot regelverket og ytringsfridom vert diskutert i organisasjonen med ujamne mellomrom. Vi har ikkje klare eksempel på at dette kjem i konflikt. Ytringsfridomen står sterkt, og det er positivt at kommunalt tilsette deltek i det offentlege ordskiftet.

Høg etisk standard er eit grunnlag for tillit frå innbyggjarane til kommunen. Etikk er også ein viktig byggestein i kommunane sitt arbeid med ein god internkontroll. Etter kommunestyrevalet i 2019 vart det halde folkevaldopplæring for nyvalde politikarar i Ulstein i samarbeid med KS. Den administrative leiinga deltok også på opplæringa. Etikk var eitt av emna som vart gjennomgått, med vekt på spørsmål om gildskap. Ulike etiske dilemma vart drøfta.

Kommunen nyttar det nasjonale Styrevervregisteret, der roller og eigarinteresser til folkevalde, kommunedirektøren si leiargruppe og mellomleiarar med budsjettansvar går fram.

Personvern har fått auka merksemd dei siste åra på grunn av personvernforordninga (GDPR), også i vår organisasjon. I 2019 publiserte vi omfattande oversikter over kva personopplysningar dei ulike etatane samlar inn – og korleis opplysningane vert behandla. Dette er eit arbeid som krev oppdatering om det skal vere kvalitativt godt. Vi har elles ei personvernerklæring som gjer greie for korleis kommunen samlar inn og nyttar personopplysningar. På nettstaden viser vi korleis innbyggjarane kan gå fram for å be om innsyn i opplysningane vi har om dei. Arbeidet med oppdatering av personvernerklæringane er sett i gong. Dette er eit arbeid som vert gjennomført saman med omlegging til Samsvar. Samsvar er programvara som erstattar Risk Manger, og som skal nyttast til skildringar av rutinar, rapportering av avvik, oversikt over personopplysningar og arbeidet med internkontroll. Ulstein kommune har etablert ei ordning med eksternt personvernombod gjennom samarbeid med IKA Møre og Romsdal.

I saksbehandlingssystemet vart det oppretta seks saker for tilsyn i 2022. Ei sak, starta 29.11, er open ved årsskiftet. Fem saker er avslutta. For ei sak vart det konstatert brot på «forsvarlighetskrav i helsepersonell-loven», og i ei sak vart det konstatert brot på krav om journalføring.

Det vart gitt ei orientering om arbeidet med internkontroll til kommunestyret som referatsak til møtet i desember.

Driftsresultat

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit positivt netto driftsresultat på 7,1 millionar kroner, 9,7 millionar kroner betre enn revidert budsjett. Netto inntektsføring frå bundne driftsfond på 5,7 millionar kroner gjer at disposisjonsfondet vert auka med 12,8 millionar kroner. Ved utgangen av 2022 utgjør disposisjonsfondet 50,7 millionar kroner i kommunekassa.

I budsjettvedtaket til statsbudsjettet for 2022 vart skatteinntektene til kommunane rekna til 191,760 milliardar kroner. Den faktiske skatteinntekta vart på heile 220,885 milliardar kroner, ein meirskattevekst på vel 29,1 milliardar kroner. 9,7 milliardar av denne meirskatteveksten vart trekt inn via rammetilskotet, slik at netto meirskattevekst for norske kommunar utgjorde 19,4 milliardar kroner. For landet utgjør dette om lag 3 587 kroner per innbyggjar. Ulstein fekk ein meirskattevekst i forhold til budsjett på om lag 1 815 kroner per innbyggjar. Brutto skatteinnang per innbyggjar målt i prosent av landssnittet vart difor 91,0 prosent, mot 100,8 prosent i 2021. Ved budsjetteringa av skatteinntektene for 2022 vart det lagt til grunn ei skatteinntekt per innbyggjar på 102,0 prosent av landssnittet i KS sin prognosemodell. Det samla positive avviket på 15,7 millionar kroner for skatt og rammetilskot vert forklart av tabellen under:

(TAL I 1000 KRONER)	REKNESKAP	BUDSJETT	AVVIK
Brutto skatteinnang	316 949	308 424	8 525
Inntektsutjamning	13 794	-7 072	20 866
Budsjettjustering endra skatteanslag saldert budsjett	-	1 497	-1 497
Budsjettjustering for trekk meirskattevekst i RNB	-	12 365	-12 365
Auka midlar til sosialhjelp før jul (ikkje budsjettregulert)	126	-	126
SUM	330 869	315 214	15 655

Inntektene frå eigedomsskatten auka med om lag 0,5 millionar kroner i 2022, og bidrog til eit positivt budsjettavvik på 0,3 millionar kroner. Med bakgrunn i flyktningssituasjonen fekk kommunen ein kraftig auke i integreringstilskot, samtidig som inntektene frå Havbruksfondet vart 1,4 millionar kroner større enn budsjett. Andre overføringar og tilskot frå staten fekk difor eit positivt avvik på 21,2 millionar kroner, som saman med det positive avviket på skatt og rammetilskot er hovudårsaka til at kommunen kan sette av 12,8 millionar kroner til disposisjonsfondet trass i til dels betydelege budsjettoverskridingar (særleg innan helse- og omsorgssektoren).

For overføringar og tilskot frå andre er det ei meirinntekt på 12,6 millionar kroner. Om lag 2,5 millionar kroner av dette er knytt til helse- og omsorgssektoren, mens 8,8 millionar kroner

relaterer seg til oppvekstsektoren og 1,6 millionar kroner til sentraladministrasjonen. Dei største positive avvika er knytt til tilskot til vidareutdanning frå Utdanningsdirektoratet og diverse prosjekttilskot til helsestasjonstenesta. Andre døme på opphav til desse avvika er:

- ▶ større lønnstilskot frå Nav enn budsjett
- ▶ større refusjon frå andre kommunar til grunnskuleopplæring enn budsjett
- ▶ større prosjekttilskot til kommunalt rusarbeid/ psykisk helse og rus enn budsjett
- ▶ mindre refusjon enn budsjett frå den statlege refusjonsordninga for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester
- ▶ mindreinntekter frå fjernvarmeselskapet knytt til leige av infrastruktur

I den grad desse meirinntektene har sitt opphav i prosjektsøknader med tilhøyrande kostnader, vil dei kunne dekke inn negative avvik på utgiftssida.

Av det positive avviket på brukarbetalingar er 1 million kroner knytt til SFO og kulturskulen, mens det resterande avviket kjem av meirinntekter for institusjonsopphald og mindreinntekter knytt til vaksenopplæring. Det positive avviket på sals- og leigeinntekter skuldast i hovudsak eit positivt avvik på 3,0 millionar kroner frå gebyrinntekter innan sjølvkostområdet, i tillegg til meirinntekter frå kultur.

Av eit negativt lønnsavvik på 13,1 millionar kroner er 5,6 millionar kroner knytt til prosjektførte lønnskostnader som i stor grad vert finansiert av meirinntekter frå overføringar og tilskot frå andre. Lønnsavviket som ikkje kan forklarast med prosjektførte lønnskostnader ligg primært innanfor oppvekst, og då særleg innanfor skule.

Kjøp av varer og tenester har det største negative avviket på 26,0 millionar kroner. Helse og omsorg står for 21,4 millionar kroner av dette, og utgjør ein stor del av områdets negative budsjettavvik i bevilgningsoversikt drift på 26,1 millionar kroner. Det største negative avviket står omsorg for med 14,7 millionar kroner, og er i stor grad knytt opp til auka ressursinnsats til ressurskrevjande tenestemottakarar. Med bakgrunn i flyktningssituasjonen vart det også ein markant auke i utbetalingane til økonomisk sosialhjelp, slik at sosialtenesteområdet fekk eit negativt avvik på 3,5 millionar kroner. Større tilskot til legar og fysioterapeutar enn budsjett og auka kostnader til felles nattlegevakt i Hovdebygda er blant dei viktigaste forklaringsfaktorane til at også helseområdet kom ut med eit negativt avvik knytt til kjøp av varer og tenester.

Innan finansområdet vart avkastninga på midlar til aktiv forvaltning 2,4 millionar kroner mindre enn budsjettet. For renteinntekter og -kostnader er det eit samla negativt avvik på 0,9 millionar kroner. Det negative avviket må likevel sjåast i samanheng med at sjølvkostområdet vart belasta 2,7 millionar kroner meir enn budsjettet i kalkulatoriske rentekostnader. Netto inntektsføring frå bundne driftsfond er 2,5 millionar kroner større enn budsjettet og kjem i hovudsak frå bruk av avsette prosjektmidlar innan omsorg.

Det er først og fremst innan helse og omsorg det er vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane i budsjettet. Bevillingsoversikt drift etter forskrift om årsrekneskap for kommunar § 5-4 andre ledd viser eit negativt avvik for helse og omsorg på 26,1 millionar kroner.

Av dette vert 2,8 millionar dekt inn gjennom bruk av bundne driftsfond, men etaten kjem likevel ut med eit overforbruk på 23,3 millionar kroner. Avviket fordeler seg med 17,6 millionar på omsorg, 2,2 millionar kroner på helse og 3,6 millionar på sosialtenestene og er nærare omtalt i etatskapittelet.

Flyktningssituasjonen har som tidlegare omtalt ført til ei meirinntekt på 20,3 millionar målt mot revidert budsjett i statstilskot frå IMDi. Ideelt sett burde ein større del av denne meirinntekta ha blitt budsjettregulert, og nytta til å styrke budsjettet innan dei tenesteområda som har vorte nøydd til å auke kapasiteten i tenestetilbodet sitt. I hovudsak dreier dette seg om skule, Nav, helsestasjon, lege- og heimehelse.

§ 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Opphavelag budsjett 2022	Justert budsjett 2022	Avvik 2022	Rekneskap 2021
DRIFTSINNTEKTER					
Rammetilskot	-251 880	-235 953	-237 959	13 920	-230 240
Inntekts- og formuesskatt	-316 949	-301 352	-315 214	1 735	-314 138
Eigedomsskatt	-12 540	-12 250	-12 250	290	-12 054
Andre skatteinntekter	-34	-34	-34	0	-34
Andre overføringer og tilskot frå staten	-42 204	-13 145	-21 050	21 154	-13 726
Overføringer og tilskot frå andre	-132 687	-70 893	-120 126	12 561	-117 240
Brukarbetalingar	-24 010	-22 297	-22 297	1 714	-20 919
Sals- og leigeinntekter	-54 484	-50 944	-50 944	3 540	-46 982
Sum driftsinntekter	-834 788	-706 868	-779 873	54 915	-755 332
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	380 916	311 071	367 823	-13 093	352 585
Sosiale utgifter	89 790	81 700	86 249	-3 541	85 212
Kjøp av varer og tenester	297 916	265 508	271 939	-25 976	256 919
Overføringer og tilskot til andre	25 010	18 548	26 110	1 100	26 045
Avskrivningar	24 257	23 344	23 344	-913	23 839
Sum driftsutgifter	817 888	700 172	775 465	-42 423	744 600
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-16 899	-6 695	-4 408	12 492	-10 733
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER					
Renteinntekter	-2 980	-3 227	-3 227	-247	-1 835
Utbytte	-1 252	-1 500	-1 500	-248	-1 278
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	887	-1 500	-1 500	-2 387	-3 312
Renteutgifter	11 681	11 026	11 026	-654	7 259
Avdrag på lån	25 750	25 759	25 570	-180	25 759
Netto finansutgifter	34 087	30 558	30 369	-3 718	26 592
Motpost avskrivningar	-24 257	-23 344	-23 344	913	-23 839
NETTO DRIFTSRESULTAT	-7 070	518	2 617	9 686	-7 980
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT					
Overføring til investering	0	0	0	0	300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-5 743	-1 184	-3 282	2 461	-571
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	12 813	666	666	-12 147	8 251
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	7 070	-518	-2 617	-9 686	7 980
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2022 investert 30,3 millionar kroner i varige driftsmidler (inklusive momskompensasjon).

Dei største investeringsprosjekta i 2022 var:

- ▶ vatn og avløp 13,9 millionar kroner
- ▶ grunnkjøp/tomteutbygging Skeide 4,8 millionar kroner
- ▶ tomtelargjering Saunesmarka 2,8 millionar kroner
- ▶ IKT-utstyr skulane 2,1 millionar kroner
- ▶ gangveg/turveg indre Haddal 1,8 millionar kroner

Dei prosjekta som har størst avvik i forhold til budsjettert framdriftsplan er som følger:

- ▶ pasientvarsling Alvehaugen.....6,3 millionar kroner
- ▶ nytt kyrkjebygg2,1 millionar kroner
- ▶ gangveg/turveg indre Haddal 1,9 millionar kroner
- ▶ kjøp og oppgradering av fiskerihamn. 1,9 millionar kroner
- ▶ oppgradering av Ulstein kyrkje..... 1,8 millionar kroner

Den manglande framdrifta skuldast mellom anna mangel på finansiering frå Husbanken, venting på fyllmasse frå Selvåg-tunnellen og manglande framdrift hos andre eksterne aktørar.

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Opphøveleg budsjett 2022	Justert budsjett 2022	Rekneskap 2021
INVESTERINGSUTGIFT				
Investeringar i varige driftsmiddel	30 295	18 875	55 933	49 964
Tilskot til andre sine investeringar	13 296	3 000	3 000	15 860
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	3 212	0	3 212	12 233
Utlån av eigne middel	6 427	0	6 427	312
Avdrag på lån	14 133	30 850	13 296	9 144
Sum investeringsutgift	67 362	52 725	81 868	87 514
INVESTERINGSINNTEKT				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 714	-2 175	-7 334	-5 343
Tilskot frå andre	-7 528	-2 750	-9 685	-10 579
Sal av varige driftsmiddel	-25 693	-30 850	-12 637	-11 743
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	-87
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	-500	0	-500	-11 000
Bruk av lån	-17 403	-12 390	-38 752	-39 351
Sum investeringsinntekt	-53 837	-48 165	-68 907	-78 103
VIDAREUTLÅN				
Vidareutlån	14 213	16 000	18 229	9 143
Bruk av lån til vidareutlån	-14 213	-16 000	-18 229	-9 143
Avdrag på lån til vidareutlån	3 439	0	0	3 288
Mottekne avdrag på vidareutlån	-4 618	0	0	-3 215
Netto utgift vidareutlån	-1 180	0	0	73
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR				
Overføring frå drift	0	0	0	-300
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	-1 880	0	0	2 329
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-10 465	-4 560	-12 961	-11 513
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-12 345	-4 560	-12 961	-9 484
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	53 229	21 875	68 572	78 369
Sum til fordeling (netto)	53 229	21 875	68 572	78 369

Balanse

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE					
	2022	2021	2020	2019	2018
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	566 652 075	583 194 012	571 099 132	540 990 231	505 320 256
Utstyr, maskinar og transportmidlar	43 714 213	50 173 609	46 377 039	45 200 814	49 082 419
Utlån	95 672 307	80 117 769	84 646 619	85 161 405	74 258 500
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	93 803 729	90 592 061	78 358 834	73 245 959	67 957 947
Pensjonsmiddel	673 605 351	642 202 718	683 996 367	636 212 137	600 922 810
Sum anleggsmiddel	1 473 447 675	1 446 280 169	1 464 477 991	1 380 810 546	1 297 541 933
Bankinnskot og kontantar	48 536 496	54 944 553	95 492 615	130 074 529	120 218 011
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	48 477 340	49 364 767	46 052 423	0	5 282 472
Obligasjonar	0	0	0	0	5 111 744
Kundefordringar	17 131 555	6 924 584	15 470 094	22 353 391	21 250 385
Andre kortsiktige fordringar	62 038 702	48 221 754	34 906 448	38 427 607	43 645 841
Premieavvik	27 053 482	16 437 068	34 459 062	34 613 664	29 748 387
Sum omløpsmidlar	203 237 575	175 892 726	226 380 642	225 469 191	225 256 841
SUM EIGEDELAR	1 676 685 250	1 622 172 895	1 690 858 634	1 606 279 736	1 522 798 773
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-50 665 407	-37 852 388	-29 601 651	-39 455 736	-36 459 403
Bundne driftsfond	-13 814 568	-19 558 027	-20 129 181	-11 590 015	-11 036 575
Ubundne investeringsfond	-10 204 029	-20 668 778	-32 181 826	-41 759 401	-46 056 147
Bundne investeringsfond	-1 292 955	-3 173 210	-844 407	-1 878 526	-1 708 075
Rekneskapsmessig mindreforbruk					-97 534
Kapitalkonto	-158 582 801	-169 026 807	-168 996 253	-80 493 051	-66 924 982
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
SUM EIGENKAPITAL	-230 265 352	-245 984 802	-247 458 911	-170 882 322	-157 988 309
(D) GJELD					
Pensjonsforplikting	-722 839 757	-680 829 703	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192
Obligasjonslån	-271 356 600	-271 356 600	0	0	0
Sertifikatlån	-106 345 987	-110 924 800	-427 432 600	-393 683 017	-357 881 220
Gjeld til kredittinstitusjonar	-234 827 831	-227 189 052	-221 864 328	-213 061 241	-211 173 181
Sum langsiktig gjeld	-1 335 370 175	-1 290 300 155	-1 355 889 548	-1 340 795 165	-1 271 719 593
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	-24 568 430	-10 747 070	-18 129 851	-22 134 376	-20 270 057
Anna kortsiktig gjeld	-86 481 292	-75 905 449	-69 639 305	-72 833 697	-71 399 604
Premieavvik	0	764 582	258 981	365 823	-1 421 211
Sum kortsiktig gjeld	-111 049 722	-85 887 937	-87 510 175	-94 602 250	-93 090 872
SUM GJELD	-1 446 419 897	-1 376 188 092	-1 443 399 723	-1 435 397 415	-1 364 810 465
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-1 676 685 250	-1 622 172 894	-1 690 858 634	-1 606 279 737	-1 522 798 773
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	1	0	-1	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttå lånemidlar	20 504 245	13 045 732	60 406 748	40 476 621	41 101 593
Andre memoriakonti	3 159 398	2 803 307	2 872 374	3 000 610	2 536 552
Motkonto for memoriakontiene	-23 663 643	-15 849 039	-63 279 122	-43 477 231	-43 638 145
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Fond

Ved inngangen til 2022 hadde Ulstein kommune om lag 57,4 millionar kroner i fond som kan nyttast til driftstiltak og 23,8 millionar kroner i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Per 31.12.22 er dette auka til 64,5 millionar kroner i driftsfond, mens investeringsfonda er redusert til 11,5 millionar kroner. Bundne fond er fond som ikkje kan disponerast fritt av kommunen, men som er bundne til gitte formål.

I 2022 fekk sjølvkostområdet eit negativt resultat på 1,6 millionar kroner, sjå tabellen under. I utgangspunktet var det budsjettert med å bruke 1,2 millionar kroner av sjølvkostfonda, men området vart belasta 2,8 millionar kroner meir i kalkulatoriske rentekostnader enn budsjettert grunna den markante auken i kalkylerenta. I tillegg vart dei indirekte

	FOND 31.12.2021	RESULTAT 2022	FOND 31.12.2022
Vatn	1 592 295	-1 803 006	-
Avløp	3 786 739	528 442	4 315 181
Feiing	216 663	-342 097	-
	5 595 697	-1 616 661	4 315 181

kostnadene større enn budsjettert. Langt på veg vart dette motverka av at gebyrinntektene vart 3,0 millionar kroner større enn budsjettert. Sidan det ikkje er lov med negative sjølvkostfond, er kommunekassa belasta med 0,3 millionar kroner sidan fonda knytt til vatn og feiing er oppbrukte. Dette vert henta inn igjen når dessa områda går med overskot.

	2018	2019	2020	2021	2022
Disposisjonsfond	36 459 403	39 455 736	29 601 651	37 852 388	50 665 407
Bundne driftsfond	11 036 575	11 590 015	20 129 181	19 558 027	13 814 568
Sum driftsfond	47 495 978	51 045 751	49 730 832	57 410 415	64 479 975
Kapitalfond	46 056 147	41 759 401	32 181 826	20 668 778	10 204 029

Tabellen viser utviklinga i driftsfonda og kapitalfondet dei siste fem åra.

Nedgangen i kapitalfondet skuldast først og fremst at det har vore nytta til å finansiere forskottering av tippemidler til ny turnhall, egenkapitaltilskot til KLP og kapitalutviding i Ulstein kultur- og konferansesenter.

Dei største bundne driftsfonda utanom sjølvkostfonda er:

- ▶ tapsfond vidareutlån frå Husbanken..... 816 473
- ▶ morsmålstrening i barnehage..... 752 552
- ▶ Dekompmidler 697 316
- ▶ næringsfond – kompensasjon næringslivet..... 690 000
- ▶ Rekompmidler 649 906
- ▶ konsesjonsavgift Ulsteindalen..... 632 719
- ▶ styrking og utvikling skulehelsetenesta UVS..... 552 555

Pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen verte belasta med pensjonskostnader som er rekna utifrå langsiktige føresetnader om avkasting, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene reknast ut på ein annan måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere forskjell mellom desse to beløpa. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket tilbakeførast

(amortiserast) igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 for premieavvik oppstått frå 2011 til 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått frå 2002 til 2010. Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat ved at brutto rekneskapsførte pensjonsutgifter i 2022 er 8 634 384 kroner mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar (årets premieavvik på 13 571 979 minus amortisert premieavvik på 4 937 595). Sjå tabellen under:

PENSJONSUTGIFTER I DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNEKAPEN	2022	2021
A Berekna netto pensjonskostnad	35 321 155	30 765 117
B Forfalt pensjonspremie (eks. adm.kostnader)	48 893 134	23 186 957
C Årets premieavvik (A-B)	-13 571 979	7 578 160
D Amortisering av tidlegare års premieavvik	4 937 595	7 773 630
E Administrasjonskostnad	1 750 239	1 626 705
F Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (B+C+D+E)	42 008 989	40 165 452
G Pensjonstrekk tilsette	6 865 360	6 308 954
Årets rekneskapsførte pensjonsutgift (F-G)*	35 143 629	33 856 498

* eks. tilskot til sikringsordninga

Ved utarbeidinga av budsjettet hausten 2021 vart det lagt til grunn ei brutto pensjonsutgift på 37,7 millionar kroner ut frå prognosane til KLP og Statens pensjonskasse. Faktisk brutto pensjonsutgift vart 4,3 millionar større enn prognosane tilsa, og er hovudårsaka til at kommunen fekk eit negativt avvik på 3,5 millionar kroner knytt til sosiale utgifter.

Ulstein kommune er medeigar i KLP, og har betalt 1 211 668 i eigenkapitaltilskot for 2022.

Konsernet Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

I vurderinga av kommunen si økonomiske stilling må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organisert i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til KOSTRA vert Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF rapportert som separate einingar, men SSB konsoliderer desse og viser dei på konsernnivå. Konserntala til KOSTRA tek og med kommunen

sine eigardelar i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (33,52 prosent), Søre Sunnmøre kommunerevisjon (14,29 prosent), Sunnmøre regionråd (5,88 prosent), Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (2,20 prosent) og Vest Kontroll (11 prosent). Desse er ikkje inkludert i oppstillingane under. I tabellane under er konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen og balansen per 31.12.22. Ulstein Eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

§ 5-6. ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF

Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2022	Opphavelg budsjett 2022 konsolidert	Justert budsjett 2022 konsolidert	Avvik 2022 konsolidert	Konsolidert rekneskap 2021
DRIFTSINNTEKTER					
Rammetilskot	-251 880	-235 953	-237 959	13 920	-230 240
Inntekts- og formuesskatt	-316 949	-301 352	-315 214	1 735	-314 138
Eigedomsskatt	-12 540	-12 250	-12 250	290	-12 054
Andre skatteinntekter	-34	-34	-34	0	-34
Andre overføringer og tilskot frå staten	-43 404	-14 595	-22 500	20 904	-14 829
Overføringer og tilskot frå andre	-135 252	-70 804	-122 523	12 729	-119 066
Brukarbetalingar	-24 010	-22 297	-22 297	1 714	-20 919
Sals- og leigeinntekter	-81 699	-75 626	-75 626	6 072	-71 672
Sum driftsinntekter	-865 768	-732 910	-808 403	57 365	-782 952
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter	399 308	329 397	387 628	-11 681	370 751
Sosiale utgifter	95 094	86 120	90 794	-4 300	90 416
Kjøp av varer og tenester	257 334	220 859	227 546	-29 788	216 263
Overføringer og tilskot til andre	28 295	21 068	29 256	961	29 896
Avskrivningar	61 953	23 344	61 040	-913	58 195
Sum driftsutgifter	841 984	680 788	796 264	-45 720	765 522
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-23 784	-52 123	-12 139	11 645	-17 430
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER					
Renteinntekter	-3 711	-3 427	-3 427	284	-2 302
Utbytte	-1 252	-1 500	-1 500	-248	-1 278
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	887	-1 500	-1 500	-2 387	-3 312
Renteutgifter	32 711	28 205	28 205	-4 507	23 145
Avdrag på lån	54 664	54 559	54 370	-294	52 747
Netto finansutgifter	83 300	76 337	76 148	-7 152	68 998
Motpost avskrivningar	-61 953	-23 344	-61 040	913	-58 195
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 437	870	2 968	5 405	-6 627
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT					
Overføring til investering	0	0	0	0	300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-5 743	-1 184	-3 282	2 461	-632
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	8 180	314	314	-7 866	6 959
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	2 437	-870	-2 968	-5 405	6 627
FREMFORT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0		0

Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

§ 5-5. BEVILLINGSOVERSIKT – INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF

Tal i 1 kroner	Konsolidert rekneskap 2022	Opphavelig budsjett 2022 konsolidert	Justert budsjett 2022 konsolidert	Konsolidert rekneskap 2021
INVESTERINGSUTGIFT				
Investeringar i varige driftsmiddel	60 108	32 275	92 828	147 375
Tilskot til andre sine investeringar	708	1 000	1 708	937
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	3 290	0	3 290	12 306
Utlån av egne middel	6 427	0	6 427	312
Avdrag på lån	25 419	35 850	24 582	17 319
Sum investeringsutgift	95 953	69 125	128 836	178 249
INVESTERINGSINNTEKT				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-4 711	-4 675	-12 398	-22 382
Tilskot frå andre	-10 231	-7 825	-14 658	-18 342
Sal av varige driftsmiddel	-33 350	-30 890	-19 949	-19 267
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	-3 065
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne middel	-500	0	-500	-11 000
Bruk av lån	-36 238	-20 995	-63 945	-96 836
Sum investeringsinntekt	-85 030	-64 385	-111 450	-170 892
VIDAREUTLÅN				
Vidareutlån	14 213	16 000	18 229	9 143
Bruk av lån til vidareutlån	-14 213	-16 000	-18 229	-9 143
Avdrag på lån til vidareutlån	3 439	0	0	3 288
Mottekne avdrag på vidareutlån	-4 618	0	0	-3 215
Netto utgift vidareutlån	-1 180	0	0	73
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR				
Overføring frå drift	0	0	0	-300
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	361	0	-2 604	2 329
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-10 104	-4 740	-14 782	-9 460
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-9 743	-4 740	-17 386	-7 431
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)				
Inntekter til fordeling	0			0
Utgifter til fordeling	70 534	33 275	104 254	160 930
Sum til fordeling (netto)	70 534	33 275	104 254	160 930

Konsernet har i 2022 investert 60,1 millionar kroner i varige driftsmidlar (inklusive momskompensasjon). Dei største investeringsprosjekta i eigedomsselskapet i 2022 var:

- ▶ flytting av Almejordet barnehage
frå UK til UEKF9,9 millionar kroner
- ▶ kjøp og sal av eigedomar6,7 millionar kroner
- ▶ ny brannstasjon3,9 millionar kroner
- ▶ nybygg Ulsteinvik barneskule.....2,3 millionar kroner
- ▶ forprosjekt nye omsorgsbustader.....2,2 millionar kroner

Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
	2022	2021	2020	2019	2018
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLER					
Faste eigedomar og anlegg	1 727 907 241	1 757 753 406	1 690 864 311	1 641 412 678	1 634 174 644
Utstyr, maskinar og transportmidlar	143 321 075	149 188 877	143 726 302	138 557 646	146 439 011
Utlån	95 672 307	80 117 769	84 646 619	85 161 405	74 258 500
Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	94 674 832	91 384 678	79 078 322	73 887 252	68 521 244
Pensjonsmiddel	712 885 968	679 290 273	683 996 367	636 212 137	600 922 810
Sum anleggsmidler	2 774 461 423	2 757 735 003	2 682 311 921	2 575 231 117	2 524 316 209
Bankinnskott og kontantar	65 094 359	63 952 784	112 851 795	135 376 410	124 140 225
Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	48 477 340	49 364 767	46 052 423		5 282 472
Obligasjonar	-				5 111 744
Kundefordringar	21 877 580	9 306 867	19 273 072	25 460 570	23 913 621
Andre kortsiktige fordringar	66 300 074	51 331 218	40 969 571	38 413 386	47 411 821
Premieavvik	25 538 500	14 827 301	34 459 062	34 613 664	29 748 387
Sum omløpsmidlar	227 287 853	188 782 937	253 605 923	233 864 030	235 608 270
SUM EIGEDELAR	3 001 749 276	2 946 517 940	2 935 917 844	2 809 095 147	2 759 924 479
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-54 472 371	-46 292 356	-39 333 673	-48 073 963	-45 077 630
Bundne driftsfond	-13 814 568	-19 558 027	-20 189 954	-11 590 015	-11 036 575
Ubundne investeringsfond	-13 449 163	-23 553 086	-33 012 856	-42 190 501	-46 487 247
Bundne investeringsfond	-3 534 309	-3 173 210	-844 407	-2 773 312	-9 434 703
Rekneskapsmessig mindreforbruk					-97 534
Rekneskapsmessig meirforbruk				192 981	
Udekket investering					10 230 285
Kapitalkonto	-497 990 962	-500 802 397	-465 963 549	-361 956 465	-359 822 248
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
SUM EIGENKAPITAL	-578 966 966	-589 084 669	-555 050 032	-462 096 868	-457 431 245
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktelsar mv.	-764 245 481	-718 944 980	-706 592 620	-734 050 907	-702 665 192
Obligasjonslån	-443 113 000	-443 113 000	-305 024 000	-305 024 000	-305 024 000
Sertifikatlån	-847 842 143	-729 961 269	-893 456 369	-855 843 786	-830 664 438
Gjeld til kredittinstitusjonar	-238 432 819	-368 942 599	-363 707 166	-355 215 663	-353 634 093
Sum langsiktig gjeld	-2 293 633 443	-2 260 961 848	-2 268 780 155	-2 250 134 356	-2 191 987 723
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Leverandørgjeld	-31 764 342	-13 586 997	-32 994 450	-24 473 684	-30 740 143
Anna kortsiktig gjeld	-97 384 523	-83 649 008	-79 352 188	-72 756 062	-78 344 158
Premieavvik	0	764 582	258 981	365 823	-1 421 211
Sum kortsiktig gjeld	-129 148 865	-96 471 423	-112 087 657	-96 863 923	-110 505 512
SUM GJELD	-2 422 782 308	-2 357 433 271	-2 380 867 812	-2 346 998 279	-2 302 493 235
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-3 001 749 276	-2 946 517 940	-2 935 917 844	-2 809 095 147	-2 759 924 479
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttat lånemidlar	30 767 960	17 634 215	66 036 756	50 464 689	41 101 593
Andre memoriakonti	3 159 398	2 803 307	2 872 374	3 000 610	2 536 552
Motkonto for memoriakontiene	-33 927 358	-20 437 522	-68 909 130	-53 465 299	-43 638 145
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Økonomiske styringsindikatorar og finansielle måltal

Ulstein kjem som regel sær godt ut ved analysar av tenestekvaliteten, særleg innan dei store sektorane grunnskule og helse og omsorg. I tillegg leverer kommunen billige tenester samanlikna med andre kommunar. Kombinasjonen av god tenestekvalitet og lågt kostnadsnivå gjorde at kommunen gjekk heilt til topps i Kommunebarometeret for 2022. Akilleshælen til kommunen i slike analysar er likevel svake økonomiske nøkkeltal, særleg gjeldsnivået og finansutgiftene sett opp mot driftsinntektene. Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- ▶ Netto driftsresultat skal minimum utgjere 1,75 prosent av driftsinntektene
- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 prosent av brutto driftsinntekt
- ▶ Minimum 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnader og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

Kravet om minimum 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar er stetta, men kapitalfondet er ved utgangen av 2022 redusert til 13,4 millionar kroner på konsernnivå. Kommunen vil i nær framtid måtte ta av disposisjonsfondet viss dette kravet framleis skal etterlevast.

Punktet om netto lånegjeld vart i saka om 10-årig investeringsplan hausten 2021 erstatta med vedtaket under:

«Ulstein kommunestyre vil ha ein klar nedbetalingsprofil på kommunen si gjeld i økonomiplanperioden 2022 til 2025. Kommunen skal i økonomiplanperioden vise ei nedbetaling på 90 millionar kroner. Nedbetaling knytt til byggefelt og forskottering av spelemidlar kjem i tillegg.»

Kommunen har i 2022 hatt ein reduksjon i lånegjelda på 12,3 millionar kroner viss nedbetaling knytt til tomtesalsinntekter på Skeide, tippemidlar frå Ulstein Arena og formidlingslån ikkje vert rekna med.

Tabellane under viser avvika for målsettingane for netto driftsresultat og disposisjonsfond sidan styringsindikatorane vart vedtatt:

NETTO DRIFTSRESULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER

BELØP I 1000 KRONER	2018	2019	2020	2021	2022
Netto driftsresultat	3 352	3 259	53	6 627	2 437
Brutto driftsinntekter i alt	702 412	740 374	746 444	782 952	865 768
I prosent av driftsinntektene	0,48 %	0,44 %	0,01 %	0,85 %	0,28 %
Måltal (1,75%)	12 292	12 957	13 063	13 702	15 151
Avvik mot måltal	-8 940	-9 698	-13 010	-7 075	-12 714

DISPOSISJONSFOND I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER

BELØP I 1000 KRONER	2018	2019	2020	2021	2022
Disposisjonsfond	45 232	48 074	39 334	46 292	54 472
Brutto driftsinntekter i alt	741 077	742 394	746 444	782 952	865 768
I prosent av driftsinntektene	6,10 %	6,48 %	5,27 %	5,91 %	6,29 %
Måltal (7,5%)	55 581	55 680	55 983	58 721	64 933
Avvik mot måltal	-10 349	-7 606	-16 650	-12 429	-10 460

Det positive netto driftsresultatet dei to siste åra må sjåast i samanheng med den betydelege meirskatteveksten kommunesektoren har hatt i 2021 og 2022. Snittet for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blant dei 334 kommunane som har levert inn førebelse Kostra-tal for 2022 ligg på 3,19 prosent (medianverdien er 2,6 prosent). For 2021 var snittet på 3,76 prosent og medianverdien 3,4 prosent. Sjølv om det mange år har vore ein til dels betydeleg meirskat-

tevekst, er det lite truleg at ein så stor meirskattevekst som i 2021 og 2022 vil gjenta seg. I så gode år for kommune-Noreg burde difor avsettinga til disposisjonsfondet ha vore større.

Ei av dei største økonomiske utfordringane kommunen har, er forholdet mellom gjeld og inntekt. Tabellen under viser netto finansutgifter per innbyggjar for Ulstein og landet dei siste seks åra:

NETTO FINANSUTGIFTER PER INNBYGGAR						
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Ulstein	7 243	8 245	8 480	8 683	8 064	9 493
Landet	3 451	3 689	3 328	3 603	3 810	4 460
Avvik per innbyggjar (kroner)	3 792	4 556	5 152	5 080	4 254	5 033
Totalt avvik mot landet (millionar kroner)	-32,4	-39,2	-44,2	-43,6	-36,4	-43,1


Samtidig er ikkje Ulstein ein inntektssterk kommune. Kvart år reknar KMD ut frie inntekter korrigert for utgiftsbehov (utgiftsbehovet vil variere grunna skilnader i kostnadsstruktur, demografisk samansetning og geografisk struktur og størrelse). I tillegg vert det korrigert for skilnadar i eigedomsskatt, kraft- og konsesjonsinntekter, inntekter frå havbruksfondet og verknaden av differensiert arbeidsgivaravgift. Ut frå ein slik analyse har Ulstein frie, disponible inntekter på 92 prosent av landssnittet i 2022. Det er berre 19 norske kommunar som kjem dårlegare ut enn Ulstein i ein slik analyse av inntekta. Det seier seg sjølv at høge finansutgifter i kombinasjon med låg inntekt gir eit avgrensa økonomisk handlingsrom og stiller sær høge krav til kostnadseffektiv drift.

FOLKETALSUTVIKLING, DEMOGRAFI OG ENDRA UTGIFTSBEHOV


Ulstein kommune har som målsetting å vere ein attraktiv kommune å busette seg i og har gjennom dette ein vekstbasert strategi. Etter ein lang periode med til dels sterk folketalsvekst fram mot 2015, flata denne ut i kjølvatnet av offshorekrisa. Folketalsveksten over seksårsperioden 2016–2021 var på moderate 127 personar. I 2022 vart denne trenden snudd,

og Ulstein fekk ein gledeleg folketalsvekst på 240 personar. Ulstein kommune har, målt mot dei fleste andre norske kommunar, unge innbyggjarar. Den demografiske utviklinga i retning av fleire eldre har likevel vore enda meir markant for Ulstein enn for resten av landet dei siste åra. Viss vi ser på sektorfordelt utgiftsbehov i 2016 og 2023 etter inntekts-systemet som staten brukar ved utrekning av rammetilskotet, syner diagram på neste side ein klar tendens.

Som tidlegare omtalt er det først og fremst omsorgssektoren som hadde store negative budsjettavvik i 2022. Budsjetttrammene har vore dreia over frå grunnskule mot pleie og omsorg dei siste åra, men likevel ikkje i like stor grad som endringane i utgiftsbehovet over.



sektorfordelt utgiftsbehov
2016 for Ulstein etter inntektssystemet



sektorfordelt utgiftsbehov
2023 for Ulstein etter inntektssystemet

Finansforvaltning

Ulstein kommune har i 2022 rapportert aktiva- og passivasida samla for både kommunen og eidsdomsselskapet til kommunestyret. I 2022 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgivarar inn mot låneporteføljen,

medan ODIN Forvaltning har forvalta midlar til aktiv forvaltning. Avkastinga på midlar til aktiv forvaltning har vore slik i 2022:

	ANSKAFFELSESKOST	PORTEFØLJE 01.01.2022	KJØP/SAL 2022	AVKASTNING 2022	PORTEFØLJE 31.12.2022
ODIN Norge B	2 131 048	3 296 576		-216 749	3 079 827
ODIN Global B	4 500 000	6 761 854	3 850	-1 237 796	5 524 058
ODIN Norsk Obligasjon B	1 500 000	1 532 750		6 913	1 539 663
ODIN Kreditt B	1 500 000	1 685 497		-103 794	1 581 703
ODIN Likviditet A	32 227 500	36 088 090		664 001	36 752 091
Totalt	41 858 548	49 364 767	3 850	-887 425	48 477 342


Forvaltningshonoraret til ODIN i 2022 på om lag 159 000 kroner er trekt frå avkastinga over.

Likviditet


Likviditetssituasjonen er tilfredsstillende, og kommunen har ved utgangen av 2022 på konsernnivå 1,8 millioner kroner meir i likvide bankinnskott enn ved starten på året. Bruken av kapitalfondet til å delfinansiere egne investeringar og forskottene tippemidlar presser likevel likviditeten, og kapital-

fondet er ved utgangen av 2022 på konsernnivå redusert til 13,4 millioner kroner. Utviklinga av likvide midlar (eks. midlar til aktiv forvaltning og bundne bankinnskott) har vore slik i 2021 og 2022:

LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOTT ULSTEIN KOMMUNE



LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOTT ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF



Lånegjeld, rente- og refinansieringsrisiko

Brutto lånegjeld for konsernet (eks. momsjustering og finansiell leasing) utgjorde 1527,3 millionar kroner ved årsskiftet. Den høge lånegjelda gjer at netto renter og avdrag i 2022 utgjorde 9,52 prosent av brutto driftsinntekter. Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld, er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra. Trekker vi ifrå unytta lånemidlar (30,8 millionar kroner) og utlån (95,7 millionar kroner), utgjør netto lånegjeld 1400,8 millionar kroner. Justerer vi for lån knytt til sjølvkostområdet (213,2 millionar kroner) og berekningsgrunnlag for

rentekompensasjonsordningane (25,4 millionar kroner), er den renteeksponerte gjelda på 1162,2 millionar kroner. Om vi i tillegg trekker ifrå rentebærande likviditet, utgjør netto renteutsett gjeld 1127,9 millionar kroner. Av dette igjen er 818,1 millionar kroner (72,5 prosent) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebytteavtalar. Netto finanskostnader vil difor auke med om lag 3,1 millionar kroner ved ein renteauke på 1 prosent. Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid går fram av tabellane under.

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2022						
VEKTA GJENNOMSNIITTSRENTE UK/UEKF	PT KOMMUNAL-BANKEN	NORGES BANK (STYRINGSRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
2,87 % / 3,04 %	3,95 %	2,75 %	3,61 %	3,94 %	3,96 %	3,95 %

ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	436 703 579	0,12	70,99 %	65,65 %
1 til 2 år	31 700 000	1,34	5,15 %	76,14 %
2 til 3 år	146 727 000	2,22	23,86 %	100,00 %
3 til 5 år	0	0,00	0,00 %	100,00 %
> 5 år	0	0,00	0,00 %	0,00 %
SUM	615 130 579	0,68	100,00 %	100,00 %

ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	272 414 144	0,39	29,87 %	29,87 %
1 til 2 år	-	0,00	0,00 %	29,87 %
2 til 3 år	-	0,00	0,00 %	29,87 %
3 til 5 år	167 024 000	4,60	18,31 %	48,18 %
> 5 år	472 687 000	10,06	51,82 %	100,00 %
SUM	912 125 144	6,17	100,00 %	100,00 %

Lån som vert refinansiert i løpet av 2023 utgjør 1123,9 millionar kroner (73,6 prosent) av total brutto lånegjeld i konsernet. Refinansieringsrisikoen vert likevel vurdert til å vere liten.

Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON

HELSE OG OMSORG

OPPVEKST OG KULTUR

TEKNISK



KOMMUNALSJEF
ORGANISASJON OG UTVIKLING
MONICA CECILIE TORP



PERSONALSJEF
KARI RISE



ØKONOMISJEF
STEINAR NUMMEDAL

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar. Sentraladministrasjonen utfører støtte- og fellestenester innan mange fagfelt som personal, økonomi, arkiv, personvern, jus, kommunikasjon og digitalisering. Tenesteområdet har også ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet.

MÅL

- ▶ utvikle ein berekraftig kommune
- ▶ vere opne
- ▶ aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre
- ▶ gi innbygarane gode møte med kommunen
- ▶ vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- ▶ involvere og engasjere folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbygarar

OPEN – TILLIT – INTERNKONTROLL

For at vi skal utføre oppgåvene våre på ein god måte er vi avhengig av tillit. Difor jobbar vi kontinuerleg for å vere så opne som mogleg. I 2022 har vi jobba med kompetansheving i heile organisasjonen, og utvikling av rutinar og prosessar. I Åpenhetsbarometeret klatra vi opp til tredje plass nasjonalt.

Å vere open handlar også om at det vi kommuniserer vert forstått av mottakarane. Ny språkløve krev også dette frå oss. Saman med dei andre kommunane i sjustjerna har vi utarbeidd ny språkprofil.

I tillegg til å verte forstått, skal også dei digitale tenestene våre vere tilgjengelege for alle brukarane. Vi har difor jobba med å få på plass tilgjengelegheitserklæring på alle nettsidene våre. På tampen av året fekk vi også innvilga midlar til å bygge opp eit digitalt rettleiingstilbod til innbyggjarane våre, slik at vi kan verte enda betre.

UTVIKLING, BEREKRAFT OG NYSKAPING

I 2022 gjennomførte vi mange nye og store digitaliseringsprosjekt. Dette har vore krevjande både for oss som er ansvarleg for innføringa og for alle brukarane som vert påverka. Digitalisering handlar først og fremst om menneske og prosessar og mindre om teknologi og system. Å bytte ut eit system tek tid både i form av å bygge opp nytt system, endre prosessar, rutinar og opplæring.

Her er ei oversikt over kva som har vorte innført i 2022. Dette er arbeid som også vil halde fram i 2023.

- ▶ økonomi-, lønns- og personalsystemet Visma
- ▶ internkontroll – og personvernssystemet Samsvar
- ▶ samhandlingsløyisinga Microsoft365
- ▶ oppgradering av sak- og arkivsystemet vårt Websak+

- ▶ oppgradering av det politiske møtesystemet vårt Møte+
- ▶ innføring av innbyggjarverktøyet Min kommune
- ▶ Kaukus – automatisk varainnkallingsprogram for folkevalde

Digitaliseringa av samfunnet krev at vi har ein god digital tryggleikskultur. Norsk Sikkerhetsmyndighet (NSM) vurderer også at norske kommunar og bedrifter står overfor auka risiko for digitale angrep. Saman med drifts- og tenesteleverandøren vår Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) og dei andre kommunane i samarbeidet, har vi gjennomført ein ekstern tryggleiksrevisjon og gjennomført fleire tiltak.

Ulstein kommune er også del av det regionale IT-samarbeidet Digi Møre og Romsdal. Gjennom dette samarbeidet har Ulstein kommune gjennomført eit felles kompetanseløft blant den politiske og administrative leiargruppa. Det har vorte etablert nye samarbeidsarenaer og felles innkjøpssamarbeid på ekstern tryggleikspartner.

Å utvikle kommunen handlar også om å utvikle oss i lag med andre i lokalsamfunnet. Vi har i 2022 funne nye samarbeidsprosjekt saman med Skaparhuset og Ulstein Næringsforum (UNF). Eit av prosjekta er å utvikle ein co-work i sentrum.

MEDARBEIDARANE VÅRE

Vår viktigaste ressurs er våre tilsette. Det er heilt avgjerande at vi lykkast med å rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarane våre. Vi må også ha gode leiarar – leiarar som evnar å leie i endring, omstilling og utvikling. Fram til no har vi hatt mange og gode søkarar på stillingane vi lyser ut. Samtidig erkjenner vi at organisasjonen har hatt høgt trykk og at dette har gitt utslag i høgare sjukefråvær enn tidlegare.

I 2022 har vi jobba vidare med heiltidskulturprosjektet og ser at det gir auke i stillingsprosent hos tilsette. Dette gir igjen betre tenester ut til brukarane våre.

EIN BEREKRAFTIG ØKONOMI

Ulstein kommune har høgt gjeldsnivå og eit inntektsnivå under landssnittet. Gjennom året har vi jobba systematisk for å kome nærare målet om å få ein robust og berekraftig økonomi.

ØKONOMI

Totalt kjem etaten ut med eit positivt budsjettavvik på 0,7 millionar kroner. For dei folkevalde er det eit negativt avvik på -0,4 millionar kroner som i hovudsak kjem av utgifter knytt til varslingsaksa og større lønnsutgifter enn budsjettet. For administrasjonen er det eit positivt avvik på 1,1 millionar kroner. I hovudsak kjem dette av at verknadstidpunktet for lønnsoppgjret i 2022 med Utdanningsforbundet vart sett til 27.september, og det vart difor sett av 2 millionar kroner meir enn naudsynt til å kompensere for årets lønnsoppgjret. Dei største negative budsjettavvika kjem av større forsikringsutgifter enn budsjettet, og bruk av overtid knytt til innføring av nytt digitalt system for lønn, økonomi og tidregistrering.

SJUKEFRÅVÆR

Det totale sjukefråværet ligg høgare enn målsettinga vår, på 4,3 prosent. Sjukefråværet er ikkje jobberelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
24,52	28		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	40,7	24,2	26,0
Budsjett	42,7	24,4	26,7
Avvik	2,0	0,2	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	4,56	3,73	4,3

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgsetaten omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav, omsorgstenestene med heimetenester, institusjon og dagsenter, barneverntenesta og veterinærtenesta. Ansvar og oppgåver vert overført frå sjukehusa til kommunane og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Helse- og omsorgsetaten er difor ein sentral aktør i overordna planarbeid mellom anna i samband med universell utforming, utvikling av eit aldersvennleg samfunn og satsing på velferdsteknologi.

MÅL

- ▶ innovasjon og nytenking
- ▶ styrking av kompetanse på alle nivå
- ▶ satsing på brukarmedverknad
- ▶ tilpassa bustad til dei med særlege helseproblem
- ▶ mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- ▶ eit aldersvennleg samfunn
- ▶ tidleg innsats på alle tiltaksområde
- ▶ god integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle brukargrupper
- ▶ godt smittevern
- ▶ satsing på heiltidskultur

Gjennom heile 2022 var drifta framleis prega av pandemien, med vaksinerings og tiltak for å førebygge smitte. I tillegg har vi, gjennom helsestasjonen, legetenesta, kommunepsykologen og barnevernstenesta, hatt fokus på barn og vaksne som opplevde isolasjonen som særleg tyngande. Helse og omsorg har eit samarbeid med oppvekst om God oppvekst i Ulstein og heilskapleg innsatsstrapp.

Det er sett i verk forbedringstiltak for optimalisering av rutinar for saksbehandling.

INNOVASJON OG NYTENKING

For å ha berekraftige tenester må vi tenke nytt og innovativt. Dette inneber satsing på elektronisk kommunikasjon som gjer det lettare å samordne gode pasientforløp. I tillegg må vi også gjere oss nytte av velferdsteknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet til brukarane.

Etaten har lagt stor vekt på vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse. Vi har møtt store utfordringar og greidd å vareta brukarar med omfattande og samansette hjelpebehov. Ulstein er ein attraktiv tilflyttingskommune, også for menneske med omfattande hjelpebehov.

Vi har gjort endringar i turnus som gjer at brukarane får færre personar dei skal verte kjende med. Vi ser at å lyse ut heile og faste stillingar rekrutterer og styrkar kompetansen og kvaliteten på tenesta.

Etaten har lagt vekt på tiltak for styrking av brukarmedverknad. Dette inneber også styrking av tilsette si forståing av brukarmedverknad som kvalitetssikring av tenestene. Alle avdelingar har faste brukarmøte eller tett samarbeid med brukarar og pårørande. Det vart i 2022 sett i gang seniorbesøk for alle over 80 år.

TILPASSA BUSTAD

Det har siste året vore auka press på omsorgsbustader og då særleg bustader med bemanning. Kommunen står framfor

ein auke i talet på eldre, og vi har jobba fram eit konsept med 20 nye bustader og flytting av heimesjukepleia og samordning av rus/psykiatri.

MAT, MÅLTID OG AKTIVITET

Det har vore jobba mykje med kartlegging og dokumentasjon av ernæringsstatus av alle brukarar. God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet skal ha eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst. Det er tilsett personale for å hjelpe til med aktivisering både i eldreomsorga og i tenesta innan psykisk helse og rus med bruk av prosjektmidlar.

ALDERSVENNLEG SAMFUNN

Ulstein kommune er eit demensvennleg samfunn. Innan demensomsorga har dette innebore ei satsing på tidleg oppdaging av demens og tilrettelegging av gode tenester. Denne satsinga er styrka gjennom at vi er med i eit nasjonalt kommunenettverk for utvikling av aldersvennlege samfunn.

Helsefremmande og førebyggjande arbeid innan alle tiltaksområde og for alle aldersgrupper har fokus. Mellom anna «Barneblikk» – den nasjonale satsinga på tidleg oppdaging av barn med særlege behov.

INTEGRERING OG MØTEPlassar

Vi skal framleis, gjennom planarbeid og tiltak, ha fokus på å utvikle møteplassar der generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar. Vi gir praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening.

ØKONOMI

Helse- og omsorgsetaten har eit samla negativt avvik på 23,3 millionar kroner. Noko av dette skuldast flyktningssituasjonen då vi ikkje har fått budsjetregulert fullt ut for utgifter vi har hatt knytt til dette. Dette gjeld i hovudsak Nav, legetenestene, helsestasjon og heimetenestene.

Helse og omsorg har mange tenestemottakarar som kjem inn under ordninga for særleg ressurskrevjande tenestemottakarar og har i 2022 fått ein kostnadsrefusjon på 29,5 millionar kroner. Innslagspunktet for kompensasjon er 1,526 millionar kroner, og for psykisk utviklingshemma vert innslagspunktet auka med ytterlegare 0,789 millionar kroner fordi kommunen får kompensert for desse gjennom rammetilskotet. Kompensasjonsgraden for utgifter utover innslagspunktet er 80 prosent. For dei tenestemottakarane som var omfatta av ordninga i 2022, vart det innrapportert ei nettoutgift på 37,9 millionar kroner etter at kompensasjonen frå refusjonsordninga og rammetilskotet er trekt frå. I 2021 var tilsvarande nettoutgift 29,6 millionar kroner. Denne auken i kommunal eigendel på 8,3 millionar kroner utgjør hovudårsaka til budsjettavviket innan omsorg. I tillegg har kommunen fleire tenestemottakarar som treng tenester som ligg rett under innslagspunktet, og kommunen har og hatt utgifter knytt til avvikling av tenestetilbod som det ikkje har blitt kompensert for.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har fokus på arbeidsmiljø, og sjukefråværet er akseptabelt utifrå utfordringane vi har hatt med korona og influensa.

ÅRSVERK	TILSETTE		
249,09	313		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	203,1	224,5	254,3
Budsjett	192,9	213,6	231,0
Avvik	-10,2	-10,9	-23,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråværet	9,62	9,69	10,04

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

2022 var i stor grad prega av verknadar av krigen i Ukraina. Ulstein kommune busette 136 flyktningar dette året, noko som er langt meir enn nokon gong før. I tillegg vart det etablert asylmottak i privat regi. Ulstein kommune yter tenester både til busette og personar i asylmottak (barnehage, skule, norskopplæring, helsetenester med meir). Dette har prega dei kommunale tenestene som eit meningsfullt og krevjande arbeid, og også gitt grunnlag for fleire nye arbeidsplassar. Alle tenestedområda innan oppvekst- og kulturetaten har utført eit godt arbeid innan dette feltet.

MÅL

- ▶ eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ god samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkludert
- ▶ god brukarmedverknad i tenestene
- ▶ rom for alle
- ▶ eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- ▶ open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear og nye utfordrande planar og tankar



Alle barneskuleelevar i Ulstein var med på TV-aksjonen. Her frå Ulstein skule, og med leiar for aksjonkomiteen fremst, varaordførar Stian Skorgen Scheide. Foto: Ulstein skule

Det har vore arbeidd vidare med det tverrfaglege samarbeidet God oppvekst i Ulstein, der vi særleg har hatt fokus på utarbeiding av heilskapleg innsatstrapp.

Kreativt utviklingsarbeid har det også vore rom for. Eit godt eksempel på det er utmerkinga Årets nyskapar 2022 som gjekk til to gode representantar for dette ved Ulsteinvik barneskule, Ole Terje Sukka og Øyvind Grimstad Hagen.

Noko utfordringar med postkorona-slitasje ser vi i enkelte einingar, i tillegg til at det har vore ei utfordring å få på plass nok kvalifisert personale til ei kvar tid.

BARNEHAGE

Alle barn med rett til barnehageplass fekk oppfylt denne retten ved hovudopptaket i 2022. Det same gjeld for supplerande opptak i løpet av året. Ved årsslutt var det ingen ledige barnehageplassar i kommunen.

Barnehagane har arbeidd vidare med satsingsområdet kommunikasjon og språk, i samarbeid med dei andre kommunane i sjustjerna og Høgskulen i Volda.

SKULE

Arbeid med læringsmiljø og arbeidsmiljø har vore i fokus også dette året. Det er gode resultat både i elevundersøking og på nasjonale prøver. Det interkommunale arbeidet med lesesatsing er vidareført og vidareutvikla. For Ulsteinvik barneskule og Ulstein skule har særleg hausthalvåret vore prega av mange nye elevar ved skulane. Språk og kultur har særleg vore tema ved desse skulane.

INKLUDERING OG MANGFALD – IMU

Avdelinga har hatt ein stor auke i elevtal, mest grunna stort tal på busette flyktningar. Både flyktningavdelinga og kompetansesenteret har hatt eit krevjande år, og tenestene er utført på ein svært god måte. Nokre nye tilsetningar/engasjement er også knytt til denne situasjonen.

KULTUROMRÅDET

Tenester og aktivitet innan området er i 2022 på god veg tilbake til slik situasjonen var før samfunnet stengde ned grunna korona. Biblioteket har opplevd auke i besøkstal dette året.

Ungdomsarbeidet har særleg stort fokus, og har gode tilbod til barn og unge.

ØKONOMI

Resultat for oppvekst- og kulturetaten 2022 viser eit relativt stort positivt avvik i høve budsjett på om lag 20 millionar kroner (7,99 prosent). Dette skuldast i all hovudsak tilskot knytt til busetting av flyktningar.

Avdeling for skule (inkludert kulturskolen) viser eit negativt avvik på 2,9 millionar kroner, og avdeling kultur og idrett viser eit negativt avvik på 1,6 millionar kroner. Dei andre avdelingane kjem ut med positive avvik.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2022 låg noko over målsetting. Det er ulike grunnar til dette, men noko må tilskrивast særlege omstende ved enkelte avdelingar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
278,9	319		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	245,8	261,8	251,8
Budsjett	248,6	261,8	271,9
Avvik	2,8	0,0	20,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	6,39	8,09	9,77

* tal i mill. kroner



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Ny brannstasjon i Holsekerdalen vart tatt i bruk tidleg på året. I september var det opningsfest og open brannstasjon med stort engasjement og oppmøte. Etaten har elles mellom anna forbetra nødnettet for brann, fått realisert turveg i indre Haddal (etappe 1), ny hovudplan for vassforsyning vart vedteken, og ny vassleidning frå Garsholhaugen til sentrum vart fullført. Gledelig er det også at bustadfeltet på Skeide vart heilt ferdigstilt.

Andre moment dette året: sikring av avfallsdeponiet i Fløstranda vart utført i regi av Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, satsing på digital kompetanseutvikling heldt fram, og digitalisering av eigedomsarkivet starta opp i regi av interkommunalt arkiv (IKAS).

MÅL

- ▶ effektive og gode planprosesser med brei medverknad
- ▶ ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse
- ▶ universell utforming og folkehelse skal vere i fokus
- ▶ legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet
- ▶ fortette i sentrum
- ▶ enkel, trygg og god trafikkavvikling for gåande, syklende og køyrande
- ▶ drive innovasjon i tenesteproduksjon
- ▶ god og trygg vassforsyning
- ▶ verne om miljøet
- ▶ betre digital kompetanse
- ▶ utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper
- ▶ Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu og virke i



Jarle Nygjerde var førstemann til å flytte inn i nytt hus i det nye bustadfeltet på Skeide. Han fekk besøk og helsing frå kommunen, ved leiar for plan og bygg, Anita Sundnes, og ingeniør byggsak, Arild Støylen. Foto: Janne-Marit Myklebust

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

Nytt planregister vart etablert. Dette gir betre informasjon til brukarane og legg til rette for innbyggardialog.

Arbeid med revisjon av trafikktryggingssplanen kom godt i gong.

Fem reguleringsplanar vart vedtekne av kommunestyret.

På Skeide har det så langt vore gitt byggeløyve til åtte einbustader, og løyve for til saman 27 bueningar i områda for tettare utnytting.

ANLEGG- OG DRIFSAVDELINGA

Revidert hovudplan for vassforsyning vart vedteken av kommunestyret. Etappe 4 av 5 for ny hovudvassleidning frå Garsholhaugen til Ulsteinvik vart fullført. Resipientundersøking av fjordsystema våre vart fullført som grunnlag for vurdering av vilkår for utslepp av avløpsvatn.

Forfallet på vegnettet har diverre halde fram. For knappe økonomiske rammer til vegvedlikehald og drift av veglys over mange år tilseier at det er behov for tilføring av vesentlege midlar til dette området.

Tursti i indre Haddal vart bygd – etappe 1.

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

Ny brannstasjon vart teken i bruk – eit kvantesprang fasilitetsmessig på alle måtar.

Det var registrert 175 hendingar der brannberedskapen var involvert (124 i Ulstein). Ein person omkom i brann (bubil).

Arbeidet med kartlegging av eldstader med tanke på behovsprøvd feiing har halde fram i Hareid, Ulstein og Herøy.

Brannførebyggande arbeid har elles vore på eit normalt nivå.

ØKONOMI

Det negative avviket kjem hovudsakleg av overskridingar på drifta av veg og gatelys, vegvedlikehald og grøntanlegg. Årsaka er at behovet for vedlikehald og drift er større enn budsjetttrammene tilseier.

Dei andre avdelingane har positive avvik.

SJUKEFRÅVÆR

Samla sjukefråvær på 7,69 er langt over føregåande år og målsetjinga om arbeidsnærvær på 98 prosent.

ÅRSVERK	TILSETTE		
24,28	53		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	16,4	20,3	20,0
Budsjett	17,5	17,8	19,3
Avvik	1,0	-2,5	-0,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	4,39	4,85	7,69

* tal i mill. kroner

Avdelingsvise oversikter

ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

ØKONOMIAVDELINGA

PERSONALAVDELINGA

SERVICETORG OG DOKUMENTSENTER

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE

HELSE OG OMSORG

HELSESTASJONSTENESTA

LEGETENESTA

BARNEVERN

HADDAL SKULE

HASUND SKULE

ULSTEIN SKULE

ULSTEINVIK BARNESKULE

ULSTEIN UNGDOMSSKULE

SUNDGOTMARKA BARNEHAGE

ULSTEIN KULTURSKULE

ALMEJORDET BARNEHAGE

KULTURAVDELINGA

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

INKLUDERING OG MANGFALD

NAV

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN





Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

2022 vart eit hektisk og lærerikt år, med tidvis stort arbeidspress. Permisjonar blant fleire tilsette i avdelinga, parallelt med innføringa av Visma Enterprise som nytt ERP-system, gjorde det utfordrande å skape tilstrekkeleg rom for leiarstøtte og dialog med leiarane. For 2023 er det ein klar ambisjon å betre på dette ved hjelp av dei nye systema og auka digitalisering. Snittalderen på avdelinga (utanom leiar) er no på 35 år, og alle tilsette har fokus på å optimalisere arbeidsprosessane gjennom til dømes oppsett av bokføringsreglar, førehandsdefinerte malar, integrasjonar mot forsystem, dagleg bankavstemming og så vidare.

Avdelinga har eit særst godt arbeidsmiljø, og fekk saman med personalavdelinga tildelt arbeidsmiljøprisen for 2021 sommaren 2022.

ØKONOMI

Meirforbruket kjem av bruk av overtid ved innføring av nytt ERP-system og mindreinntekter knytt til innfordring.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK		TILSETTE		
5,6		7		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022	
Rekneskap	4,4	3,8	4,7	
Budsjett	4,8	3,9	4,4	
Avvik	0,4	0,1	-0,3	
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022	
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon			

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ halde oss oppdatert på ny teknologi og fagsystem
- ▶ vere serviceinnstilte og imøtekomande mot kundar og brukarar av tenestene våre
- ▶ sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- ▶ syte for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen

ÅRSVERK	TILSETTE		
5	5		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	3,5	3,8	4,8
Budsjett	3,7	3,9	4,5
Avvik	0,2	0,1	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ ta ansvar for å initiere og koordinere arbeid med leiarutvikling, tilsettingsprosessar, lønnspolitikk, arbeidsrett og personaloppfølging
- ▶ halde oss oppdaterte og sikre god kompetanse på relevant avtaleverk og lovverk
- ▶ sørge for god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod



Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

Også dette året har i stor grad vore prega av innføring av nytt digitalt system for lønn, økonomi og tidsregistrering. Vi har gradvis innført ny funksjonalitet som skal gi leiarar og tilsette betre styringsverktøy og arbeidsflyt. Arbeidet har vore krevjande for alle involverte og vil halde fram også i 2023. Gevinstane kjem også gradvis gjennom tryggare informasjonsdeling, personalmeldingar og sporbar kommunikasjon.

Krigen i Ukraina og ny smittebølge i pandemien påverka også vårt arbeid gjennom svært høgt sjukefråvær i starten av året, organisasjonsendringar og elles stor aktivitet med ekstra mange tilsettingar i dei to store etatane.

Det lokale lønnsoppgjeret vart gjennomført utan brot. Streik i sentralt oppgjær påverka

samhandling og praktisk arbeid med lønnsutbetaling sjølv om ingen av våre tilsette vart teke ut i streik. Medarbeidarundersøkinga 10-faktor vart gjennomført i heile organisasjonen. Avtale med bedriftshelsetenesta var ute på anbod og vi etablerte ny avtale med Avonova hausten 2022.

ØKONOMI

Negativt avvik for 2022 er i hovudsak relatert til lønn.

SJUKEFRÅVÆR

Lågt fråvær i eiga avdeling. Sidan vi er få tilsette, vert sjukefråværet rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
5,5	6		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	3,3	4,0	4,4
Budsjett	3,8	3,5	4,3
Avvik	0,5	-0,5	-0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		
* tal i mill. kroner			
DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA			
▶ kartlegge innbyggartenestene for å gjere dei betre og smartare ▶ støtte organisasjonen ved innføring av nye system og digitale fellesløysingar ▶ vere aktive i vidareutvikling og brukaropplæring i sak- og arkivsystem ▶ fokus på personvern og informasjonstryggleik			



Servicetorg og dokumentsenter

LEIAR: ELI MARTE DALHAUG

Avdelinga vert involvert i dei fleste endringar av system i kommunen, og får ein naturleg brukarstøttefunksjon for heile organisasjonen. Året fekk ein pangstart med mykje nytt som skulle på plass på same tid, inkludert ny samhandlingsplattform Microsoft365. Arbeid med overgang til nytt folkeregister skaut fart, og med ansvar for den nye Fiks-plattformen, må vi sjå til at dette vert gjort rett for ulike formål og tenesteområde. Vi må halde oss godt orienterte innan digitalisering og informasjonstryggleik, i ei utvikling som går veldig raskt, både i offentleg sektor og samfunnet elles.

Servicetorget fekk seg eit løft i mai, med servicekontortreff i Ørsta, ny innbyggjarportal MinKommune og etablering av fast telefontid for økonomiavdelinga. Vi gjorde avtale med IKA Møre og Romsdal om kjøp av personvernombodstjeneste; ei solid støtte i arbeidet med personvern.

Arkivleiar tok på seg fleire oppgåver i samband med at jurist gjekk ut i permisjon,

mellom anna serverings- og skjenkeløyve, større innsynssaker og ei særskild krevjande rettssak siste del av året.

Fagsystem for flyktning og vaksenopplæring fekk eiga arkivkjerne, og slår dermed følge med det PPT, helsestasjon og omsorg har etablert i sine fagsystem. Dette er ein trend innan arkivområdet som vi ser gir stor gevinst. Modul for politiske møte fekk ny versjon, og eit velfungerande system for rullerande webinar kom på plass for internopplæring i Acos WebSak i sjustjerna.

ØKONOMI

Eit lite negativt avvik relatert til ny møteromsskjerm og ordningsprosjekt med IKA.

SJUKEFRÅVÆR

Vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.



Pedagogisk-psykologisk teneste

KONSTITUERT LEIAR: RANDI LYNGBØ OTTESEN

Interkommunal PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Det å ha gode tiltaksmøte, effektiv sakshandsaming, utarbeide plan og avklare/avslutte sakkunnig vurdering er viktig med tanke på å komme i posisjon til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Andre viktige tiltak for å nå mål for arbeidet er at PPT deltek på kompetanseheving, organisasjonsutvikling og samarbeidsarenaer. Felles for alle kommunane er mellom anna møte i samarbeidsorganet, eigarmøte og møte med politikarane.

PPT har vorte tydelegare og meir fagleg kompetent. PPT er også meir tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng. PPT kjem tidlegare inn og arbeidar meir førebyggjande, noko som er i tråd med kvalitetskriteria for PPT. Det er tydelegare forventningar, klarare rollefordeling og saksgang, frå tiltaksmøte, søknad om bistand, utarbeiding av utgreiingsplan og avslutting av personsak. Dette gjer at barn og elevar får tidlegare hjelp.

Målet er å styrke det allmennpedagogiske tilbodet slik at fleire elevar og barn får utbyte av opplæringa utan spesialpedagogiske tiltak. Det å snu fokus frå vanskar med individ og over på kompetanseheving eller organisasjonsutvikling til dei tilsette i ein organisasjon vil ta tid.

Skal vi nå måla, må vi samarbeide på fleire nivå, arbeide langsiktig og strategisk med utvikling, og tiltak må prøvast ut over tid. På denne måten kan vi saman kome i enno betre posisjon i skule og barnehage til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

ØKONOMI

PPT har i 2022 eit mindreforbruk på vel 700 000.

SJUKEFRÅVÆR

PPT har hatt eit sjukefråvær i 2022 på 10,3 prosent. Vi har hatt og har mange langtidssjukemelde.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
17,9	19		
NETTO RESULTAT**	2020	2021	2022
Rekneskap	3,6	3,7	3,5
Budsjett	3,3	4,2	4,2
Avvik	-0,3	0,5	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	6,78	5,00	10,3
* interkommunalt ** tal i mill. kroner			
DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA			
▶ arbeide i tråd med lovkrava og kvalitetskriteria for PPT. Fokus på å arbeide med tiltak både internt og saman med leiar-nivået i dei fire kommunane ▶ sakshandsamingstid – hovudregelen er å levere sakkunnig vurdering innan om lag tre månader ▶ PPT har laga ny mal for sakkunnig vurdering med rettleiar for grunnskule, heilt oppdatert etter lova. ▶ tiltaksmøte – flytskjema som er ein del av kommunen sitt forsvarlege system ▶ kartlegging av kompetanse og kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis			



Eining 1 heimetenester

LEIAR: HEIDI STRAND

Heimetenesta har også dette året hatt auke i oppdrag og brukarar i heimetenesta. Det er stadig større press på tenesta med utskriving av pasientar frå sjukehus som treng ferdigbehandling i heimen. Liggetida på sjukehus går stadig ned, og det er kommunen som overtek ansvaret for den medisinske og faglege oppfølginga. Dette skaper større press på sjukeheimen; noko som etter kvart gir større behov for heimesjukepleie.

Vi har ved årsskiftet 25 medisindispensarar i drift ute i heimane. Dette frigir tid til andre tenester til brukarane, ved at vi sparar tid ved at fleire greier å ta medisinen sin sjølv, til rett tid.

Det er stor auke i etterspurnad av tenester innan psykisk helse og rus. Vi har etter kvart eit godt kompetent team som arbeider med desse brukarane, men oppdragsmengda er aukande og det er per i dag litt lenger ventetid enn før.

Vi jobbar stadig med arbeidsmiljøet, og ser at det no går rette vegen, særleg i heime-tenesta. Systematisk jobbing og opplæring ser no ut til gi gode resultat, og vi har god rekruttering til ledige stillingar i eininga.

ØKONOMI

Avvik skuldast manglande finansiering på grunn av nye brukarar med BPA, og behov for bemanningsauke i heimesjukepleia.

SJUKEFRÅVÆR

Har hatt sjukefråvær over det normale. Fråværet har stort sett ikkje vore arbeidsrelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
44,91	65		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	41,8	46,7	52,6
Budsjett	42,5	42,5	49,3
Avvik	0,7	-4,2	-3,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	11,85	9,51	12,91

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ auka satsing på velferdsteknologi
- ▶ fokus på «det gode pasientforløp» for pasientar i heimesjukepleia
- ▶ gode rutinar for sakshandsaming/klagehandsaming
- ▶ satsing på godt arbeidsmiljø
- ▶ opplæring av tilsette ved bruk av e-læring og praktisk øving

ÅRSVERK	TILSETTE		
32 per des. 22	40 per des. 22		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	57,1	29,2	31,2
Budsjett	54,3	27,6	28,9
Avvik	-2,8	-1,6	-2,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	9,56	11,64	8,16

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vidareutvikle teknologiske løysingar i takt med individuelle behov
- ▶ auke kompetansedekning med fleire sjukepleiarar/vernepleiarar
- ▶ fokus på trivelege måltid med god ernæring
- ▶ fortsette samarbeid med frivillige om å skape møteplassar og underhaldning for bebuarane
- ▶ systematisk og strukturert opplæring av tilsette ved hjelp av årshjul og digitale opplæringsverktøy
- ▶ gjere risikovurderingar og sette i verk nødvendige tiltak



Eining 2 omsorgsbustader

LEIAR: GUNN HOFSET

Bebuarar i omsorgsbustadane vert stadig eldre og meir hjelpetrengande. Vi har som målsetting at dei som bur i bemanna omsorgsbustader skal sleppe å flytte til sjukeheim i siste levetid. Ofte tek vi bebuarar som kjem frå sjukehus direkte tilbake til omsorgsbustaden, utan eit korttidsopphald på sjukeheimen. Dette gir eit auka press på tenestene og stiller krav om høgare kompetanse blant dei tilsette i omsorgsbustaden. Vi har implementert velferdsteknologi på ein god måte og dette har vore med på å betre tryggleiken til bebuarane og å ta ned trykket for personalet. Det er likevel slik at personalet har mange å hjelpe, og det er store gangavstandar, så kvar enkelt tilsett går mellom 5–10 kilometer på kvar vakt.

Omsorgsbustadane i Holsekerdalen har godt samarbeid med fleire frivillige personar og organisasjonar som arrangerer sosiale møteplassar og aktivitetar.

Eininga har fleire tenestemottakarar med omfattande behov som krev 2:1 og 3:1 bemanning. Desse brukarane har utfordrande åtferd, og vi har jobba mykje med å skulere og gi støtte i personalgruppa.

Frå medio august 2022 flytta ein ressurskrevjande brukar, og ei avdeling vart redusert med fem stillingar og åtte tilsette.

ØKONOMI

Eining 2 har fleire ressurskrevjande brukarar. Behova kan endre seg gjennom eit år, og desse endringane kan innebære svingingar i bemanning med påfølgande utslag på økonomien. Tenestområdet gir refusjon frå staten.

SJUKEFRÅVÆR

Nedgang frå året før. Sjukefråværet svingar litt frå år til år. Det kan vere svangerskap eller andre faktorar som kroniske tilstandar som kan verke inn på sjukefråværsprosenten.

ÅRSVERK	TILSETTE		
38,2	52		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	35,5	39,4	40,2
Budsjett	33,5	38,1	39,9
Avvik	-2,0	-1,3	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	9,88	10,78	10,94

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ auke bruken av velferds-teknologi som varsling
- ▶ auke kompetansedekninga med fleire sjukepleiarar
- ▶ heiltidskultur med fokus på kompetanse og kontinuitet
- ▶ aktivitetar knytt til musikk og trening for å stimulere og aktivisere
- ▶ dialog og forventningsavklaring med brukarar og pårørande om tenestenivå



Eining 3 Alvehaugen korttid

LEIAR: GUNN SÆTRE

2022 var prega av aukande behov for tenester i heile eininga. Tal på pasientar som fekk korttidsopphald auka også i 2022, og i haust måtte vi for første gong betale bøter til sjukehuset fordi vi ikkje hadde plass til å ta imot pasientar som var meldt utskrivingsklare. Samtidig auka behovet for høgare omsorgsnivå for heimebuande, og fleire rom vert brukt til faste rullerande opphald på korttidsavdelinga vekslande med heime. Tal på KAD (akutt hjelp-opphald) gjekk ned frå 39 i 2021 til 15 i 2022 fordi vi ikkje hadde ledig kapasitet til å ta imot KAD-pasientar som vart meldt. Dagsenter for eldre har også fleire brukarar enn tidlegare og brukarane har meir omfattande tenestebehov. Vi ser og at også dei som får plass i omsorgsbustadene er meir hjelpetrengande enn tidlegare. Ambulerande tenester som leverer middagar til heimebuande ser også større hjelpebehov hos brukarane, og behovet for ulike hjelpemiddel i heimane aukar. Kommunen har fått større ansvar for å ha

ulike hjelpemiddel tilgjengeleg, og har også ansvar for reperasjonar og vedlikehald. Det er behov for å utvide hjelpemiddellageret.

Tenesteområda opplever krav om auka effektivitet og auka kompetansebehov for å klare å gi gode tenester til stadig meir hjelpetrengande og multisjuka pasientar. God dialog og forventningsavklaring med brukarar og pårørande er viktig og vert vektlagt ute i einingane.

ØKONOMI

Mindre avvik enn tidlegare år. Tidvis behov for ekstra bemanning grunna stor arbeidsmengde er årsaka til underskotet.

SJUKEFRÅVÆR

10,94 er svakt stigande, har fokus på tilrettelegging for å redusere sjukefråværet.



Eining 4 Alvehaugen langtid

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Eininga opplever ein auke i behovet for demensplassar. Dei som kjem inn har eit stadig større hjelpebehov, og ofte ei krevjande og utfordrande åtferd. Dette gir eit auka press på tenestene. Det vert samarbeidd godt med demenskontakt. Dette er med på å gi gode overflyttingar og gir grunnlag for god kontakt og samarbeid med pårørande. Avdelingane har fokus på aktivitetar og måltid, og arbeider personsentrert. Avdelingane har siste året vidareført bruken av velferdsteknologi, og har tatt i bruk nye funksjonar for varsling og oppfølging.

Natt-teamet samarbeider godt på tvers av dei ulike einingane. Parallelt med auka press på tenestene i dei ulike einingane har det også vorte eit auka press på natt-tenesta.

Kjøkkenet driftar godt. Dei serverer god og næringsrik mat og nyttar råvarer knytt til årstidene. Dei ser ei utvikling i retning av meir ønskekost og diettar.

Vaskeriet har ein auke i arbeidsmengd knytt til fleire pasientar på korttidsopphald, og fleire i omsorgsbustader som har vaskeriteneste.

ØKONOMI

Ressurskrevjande brukarar har ført til ein auke knytt til natt-teamet. Har i periodar vore behov for ekstra innleige grunna arbeidssituasjon i avdelingane.

SJUKEFRÅVÆR

Har vore ein auke i sjukefråværet, har god dialog og arbeider for tilrettelegging der dette er mogleg. Samansette årsaker gir svingingar i sjukefråværet.

ÅRSVERK	TILSETTE		
56,59	107		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	32,2	27,9	31,5
Budsjett	32,0	25,5	30,1
Avvik	-0,2	-2,4	-1,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	10,99	9,64	12,16

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vidareføre bruken av velferds-teknologi for varsling og oppfølging
- ▶ samarbeide godt med demenskontakt og pårørande
- ▶ tilby daglege aktivitetar, fokus på personsentrert omsorg
- ▶ gode måltidsopplevingar med fokus på ernæring



Eining 5 Holsekerdalen bu og habilitering

LEIAR: AASE DJUPVIK

Holsekerdalen 24 jobbar for at dei som nyttar seg av tenesta får gode dagar med tilrettelagde aktivitetar. Vi driftar framleis kafeen på Bygdastova slik at dei som bur der har ein plass dei kan møtast.

I 2022 starta vi ein møteplass for sårbare unge vaksne, som heiter Plassen. Dei har eiga styringsgruppe der personale frå Holsekerdalen 22 er med. Til no har aktivitetane til dømes vore julebord, grilling i fjøra, quiz, pubtur og kino. Det har vorte eit populært tilbod, og vi ser at det kjem fleire til.

Holsekerdalen 22 hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet. Vi valde å risikovurdere på nytt alle tre avdelingane, og fekk med oss heile personalgruppa. Det var eit stort arbeid. Vi kom gjennom tilsynet utan avvik eller kommentarar. Elles fekk vi i 2022 ei tilsynssak frå Statsforvalteren, det har vore ei krevjande sak som har teke mykje tid. Vi har i den saka nytta oss av jurist.

Personalet og bebuarane i 3. etasje lagar felles middag til dei som vil vere med på ei slik ordning. Dette er ei spleiseordning

slik at det er bebuarane sjølve som betalar for dette.

Avlastningstilbodet for born og unge har aukande behov. Kapasiteten på avlastningsleilegheita er sprengt. Det krev at personalet er fleksible og finn løysningar for aktivitetar utanom leilegheita. Avdelingar nyttar seg av velferdsteknologiske løysningar til kommunikasjon, tilsyn og medisin.

ØKONOMI

Vi har fleire brukarar som har bemanning 3:1, 2:1 og 1:1. Årsaka til denne bemanninga er for at personalet skal kunne klare stå i alle dei utfordringane dei møter i kvardagen.

Vi har mange unge vikarar som vi nyttar ved sjukdom og feriar.

SJUKEFRÅVÆR

Størstedelen av sjukefråværet vårt er sjukmeldingar, der fleire er knytt til svangerskap. Verken langtids- eller kortidsfråværet er arbeidsrelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
43,77	51		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap		33,5	48,8
Budsjett		32,6	40,8
Avvik		-0,9	-8,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær		12,29	8,45
* tal i mill. kroner			
DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA			
▶ halde fram med godt samarbeid mellom heim, avlastning og skule ▶ jobbe inn gode rutinar og tiltaksplanar ▶ ha fleksibilitet mellom dei tre avdelingane ▶ legge turnusen til rette både for bebuarar og tilsette ▶ jobbe for eit godt arbeidsmiljø ▶ lære opp tilsette med hjelp av digitale verktøy ▶ bruke velferdsteknologiske løysingar			

ÅRSVERK	TILSETTE		
17,18	22		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	7,7	9,1	11,5
Budsjett	7,9	10,4	10,4
Avvik	0,2	1,3	-1,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	7,85	3,61	5,11

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ likeverdig helsestasjons- og skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- ▶ tilby toverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, til dømes på skulane
- ▶ fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- ▶ fokus på å avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ kome tidleg inn og tilby foreldre-støttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- ▶ felles kompetanseheving/opplæring i «Tidlig Inn» saman med barnevern og pedagogisk-psykologisk teneste



Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjons-/ skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom har fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid, og gir tilbod om oppfølging til alle barn frå svangerskap til og med 21 år.

Trass i nasjonale prosjektmidlar er vi enno ikkje oppe på nasjonal minstenorm for bemanning.

I 2020 og 2021 hadde vi fokus på korona, i 2022 påverka krigen i Ukraina og alle asylsøkarane/flyktningane som kom til Ulstein arbeidet vårt, mens vi framleis vaksinerer. Krigen genererte svært mykje arbeid på helsestasjonen, og i samband med gjenopning av asylmottaket fekk vi tilsett to sjukepleiarar frå omsorg.

Helsestasjonen har hatt tilbod om ulike foreldrerettleiingsprogram til alle foreldre i kommunen.

Vi har hatt ansvar for utarbeiding av «Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsproblem», eit viktig fokusområde for kommunen.

Helsestasjonen har fokus på barn og unge si psykiske helse, er med i Helse Møre og Romsdal si satsing, og starta eit tverrfagleg arbeid med å bygge opp kommunal psykisk helseteneste.

Barneblikk – eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som slit med rus eller psykiske vanskar, vart implementert og er no delvis eigenfinansiert.

Ulstein helsestasjon har, i tillegg til grunnbemanning, fysioterapeut, jordmor, helse-sjukepleiar og lege, både klinisk ernæringsfysiolog, skulepsykolog og foreldrerettleiing.

ØKONOMI

Fleire arbeidsoppgåver knytt til auka tal på flyktningar/asylsøkarar gjorde at vi auka med 2,8 stillingar. Det er ikkje gjennomført budsjettregulering, og helsestasjonen fekk berre 475 000 kroner.

SJUKEFRÅVÆR

Langtidssjukmelding, ikkje jobbrelatert, under kontroll.

ÅRSVERK	TILSETTE		
3,4	6		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	17,8	19,1	21,5
Budsjett	17,9	17,8	20,3
Avvik	0,1	-1,3	-1,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær			1,5

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utvikle eit stadig betre tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- ▶ halde fram med å vidareutvikle det gode samarbeidet med fastlegane ved Ulstein legesenter
- ▶ i 2022 fekk vi vedteke ny plan for legetenesta
- ▶ arbeide vidare med å utvikle legevakta med tanke på ei best mogleg teneste for innbyggjarane våre. Legevakta skal også kunne gi støtte og tryggleik til omsorgstenesta
- ▶ i større grad bruke kommuneoverlegen som medisinfagleg rådgivar i saker som påverkar folkehelsa innanfor alle samfunnsområde, ikkje minst innan samfunnsplanlegging



Legetenesta

LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE

I løpet av våren 2022 hadde minst halvparten av innbyggjarane i Ulstein vorte registrert koronasmitta, men få har vore alvorleg sjuke, innlagt eller døydd av sjukdommen. Vi har heile året halde fram med vaksinerings av sårbare grupper. Ei positiv følge av koronaen er betre digital kompetanse i helsetenesta generelt. Det har ført til meir samarbeid både internt i kommunen, interkommunalt og med helseføretaket.

Kommuneoverlegane i sjustjerna har framleis regelmessige digitale møte. Fastlegekrisa i landet har ramma også vårt område, men vi var heldige og klarte å rekruttere ein ny velkvalifisert fastlege etter ei som vart pensjonist. Sidan Ulstein har mange stabile fastlegar har vi no aukande venteliste på fastlegelisteplassar. Vi har ikkje klart å levere på at alle i kommunen får tilbod om ein fastlege. I ventetid på fastlege har LIS 1 (lege under utdanning) vore viktig for å avhjelpe. Vi har siste året vorte tildelt to LIS 1 frå Statsforvaltaren. Legevakta vart forsterka med betre ordningar og eigen legebil under pandemien, og dei ordningane

vil halde fram. Under pandemien har vi sett enda tydelegare at den middels store og nære legevaktsordninga vi har saman med Hareid er eit stort gode for innbyggjarane og omsorgstenestene våre. Nattlegevakta og legevaktformidlinga er framleis i Hovdebygda som eit samarbeid i sjustjerna.

Det siste året har krigen i Europa ført at vi har tatt imot mange flyktningar. Dette har utfordra helsetenesta på nytt med tanke på smittevern, rådgiving, psykisk helse, legeteneste med meir.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er svært lågt. Berre LIS-legane og kommuneoverlegen har fulle fastlønna stillingar.

ØKONOMI

Mindre utgifter til koronapandemien, men vi har statleg pålegg om ein viss beredskap. Auka utgifter i samband med flyktningarbeid og noko bruk av vikarlegar. Ganske stor auke i utgifter til samarbeidet om legevaktformidling (legevakttelefonen) som Volda er vertskommune for.



Barnevern

LEIAR: AINA ØYEHAUG OPSVIK

Interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta og Sande. I 2022 har vi budd oss på at Vanylven kommune skal inn i samarbeidet frå 1. januar 2023.

Tenesta er organisert i seksjonar som arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Vi legg vekt på å snakke med barna i alle fasane.

Seksjon mottak og undersøking: Teamet tek imot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon tiltak: Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg: Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Vi følger også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern.

Tenesta tek del i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) si kompetanse-satsing i samband med barnevernsreforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å imøtekomme kompetansekravet. Vi har prosjektansvar for alle kommunane i fylket, og førebur oss på ansvaret for fosterheimar som vert overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Talet på fristbrot er sterkt redusert, og tenesta har vore i nemnd og rett med tre saker for Ulstein i 2022.

ØKONOMI

Det har i 2022 vore ei innsparring på tiltak utanfor familien. Kostnadene for barn i statlege tiltak har så høg pris at dette fører til store endringar både i utgifter og innsparringar. Vi ser også etter kvart effekten av at barnevernstenesta har utarbeidd eit føreseieleg system for godtgjering av fosterheimar.

SJUKEFRÅVÆR

Langtidssjukefråværet er ikkje jobbrelatert. Sjukmelde vert følgd opp.

ÅRSVERK	TILSETTE*		
42,2	47		
NETTO RESULTAT**	2020	2021	2022
Rekneskap	13,5	14,4	17,2
Budsjett	15,4	15,2	17,3
Avvik	1,9	0,8	0,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	9,72	8,97	10,74

* interkommunalt ** tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverks-møte og familieråd til familiene
- ▶ arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde
- ▶ styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiing i grupper og individuelt, og ved deltaking på ulike kurs
- ▶ ta del i tverrfaglege samarbeidsforum i kommunane



Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er nærskulen til elevar i 1.–7. trinn i skulekrinsane Haddal og Eiksund. Skulen har om lag 60 elevar, der ein tredjedel går på SFO. Skulen sin visjon ligg i botnen for alt vi gjer i skulen; læringsaktivitetar, utviklingsarbeid, heim- skule-samarbeid og SFO.

«Haddal skule har trygge elevar som meistrar og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre».

Fokuset vårt er eit trygt og inkluderande læringsmiljø, og vi jobbar målretta og systematisk for å skape betre trivsel for betre læring. Vi ønsker at alle elevane skal ta ut potensialet sitt innanfor rammene av skulefellesskapet. Vi har miljølærar og miljørettleiar som jobbar målretta mot dette. Resultata frå elevundersøkinga der alle på mellomsteget svarar på spørsmål om læring og trivsel, viser at vi framleis bør ha fokus på elevane sitt læringsmiljø og peike

ut aktuelle forbettringsområde. Inneverande skuleår prøver vi ut leksefri skule som eitt av tiltaka for å få ein skule med motiverte elevar med stor læringsglede.

ØKONOMI

Haddal skule har gått med overskot siste åra. Overskridinga på 0,2 i 2022 handlar om vikarbruk og samtidig vanskelege forhold med å følge rekneskapen så tett på som ønska, grunna kapasitetsutfordringar hos økonomiavdelinga.

SJUKEFRÅVÆR

Haddal skule jobbar målretta med rolleavklaring og trivsel for å få ned sjukefråværet, og vi er på rett veg. Gravide og langtidssjukemelde dreg likevel prosenten opp.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,3	16		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	9,9	10,6	11,0
Budsjett	10,4	10,7	10,8
Avvik	0,4	0,1	-0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	10,10	9,81	7,14

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ fokus på trygt og inkluderande læringsmiljø og kreativ, skapande læring
- ▶ definere leseopplæringa som eit felles ansvar for alle tilsette og inkludere bruk av skulebiblioteket i alle fag
- ▶ arbeide systematisk med elevsyn og relasjonskompetanse

ÅRSVERK	TILSETTE		
28,53	32		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	19,1	20,5	22,0
Budsjett	20,1	20,2	20,9
Avvik	1,0	-0,3	-1,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	7,81	9,52	13,34

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane
- ▶ gi elevane grunnleggande kompetanse i programmering, og legge til rette for kreativitet og skapartrøng
- ▶ arbeide etter prinsippa i Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025
- ▶ etterutdanning med temaet lesing – i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og høgt fokus på involvering av tillitsvalde og verneombod



Hasund skule

KONSTITUERT LEIAR: OLE INGE MOLVÆR

Hasund skule har 146 elevar fordelt på 1.–7. trinn skuleåret 2022–2023. Det vert gitt SFO-tilbod til 36 elevar.

Vi jobbar for at alle elevar skal ha eit trygt og mobbefritt skulemiljø. Skulen har gode rutinar for dette. Skulen har hatt eit godt samarbeid med helsesjuepleiar som støttar dette arbeidet.

Hasund skule ønsker å vere ein skule som utviklar seg, og då er fagfornyng og ny læreplan ein del av utviklingsarbeidet. Skulen arbeider etter prinsippa i Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025, utarbeidd av rektorane og oppvekstkontoret. Denne gir oss retning i arbeidet på skulen sett i lys av gjeldande læreplanverk og lovverk.

Vi har også dette året hatt lesing som satsingsområde saman med Høgskulen i Volda og dei andre skulane i kommunen.

I skuleåret 2022–2023 har vi saman med pedagogisk-psykologisk teneste planlagt ei kompetanseheving i profesjonsfellesskapet med utfordrande atferd som tema.

Nasjonale prøver viser gode resultat i både engelsk, lesing og rekning, spesielt gode er resultata i lesing og engelsk, der vi ligg over fylkesnivå og landsnivå.

Elevundersøkinga viser at elevane har høg trivsel og at dei opplever lite mobbing på skulen. Elevane meiner at lærarane har tru på dei. Det er viktig at skulen held fram med å arbeide systematisk og målretta for at elevar skal ha eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

ØKONOMI

Hasund skule har eit negativt økonomisk resultat som skuldast høge utgifter knytt til vikarbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har hatt ein auke i sjukefråværet i 2022. Det er noko langtidfråvær, men vi har også hatt ein del koronarelatert fråvær i 2022. Vi vil jobbe vidare for å redusere fråvær som kan vere arbeidsrelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,71	16		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	12,0	12,0	11,6
Budsjett	11,7	12,0	12,2
Avvik	-0,3	0,0	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	3,30	7,30	8,39

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- ▶ arbeide med undervisningsmetodar knytt til det nye læreplanverket
- ▶ ha merksemd på lesing som grunnleggande ferdigheit
- ▶ intensiv opplæring for elevane på 1. – 4. trinn for å sikre forventet progresjon for elevane i lesing, skriving og rekning
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprossar for tilsette og eit godt samarbeid med tillitsvald



Ulstein skule

LEIAR: SYNNØVE HAUG

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø, i tillegg til Søre Sunnmøre mottak. Elevtalet varierer frå 90–100 elevane. Det er i år 18 tilsette ved skulen.

Krig i Europa har ført til endring i elevtalet på Ulstein skule. Elevar frå 1.–7. klasse som bur på Søre Sunnmøre mottak går i innføringsklasse ved skulen medan dei bur på mottaket. Her får dei lære norsk og samfunnsfag, i tillegg til å delta i praktisk-estetiske fag i ordinær klasse. Det er viktig å skape ein trygg og god kvardag for elevane. Dei har vore gjennom store omveltingar og lever enno i ein usikker kvardag. I lag med alle tilsette og elevane lagar vi gode skuledagar for alle elevane som går på Ulstein skule.

Gjennom arbeid etter prinsippa i Strategi for kvalitet – Ulsteinskulen mot 2025 skaper tilsette og elevane ein god arena for meistring gjennom fag. Dette arbeidet er med på å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Skuleåret 2022–2023 arbeider vi med desse målsettingane:

- ▶ arbeide for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø
- ▶ utvikle kompetanse i arbeidet med leseopplæringa
- ▶ utvikle gode årsplanar for fag som sikrar tverrfagleg undervisning og god samheng mellom fag
- ▶ kompetanseheving i profesjonsfellesskapet med merksemd på elevane som utfordrar

ØKONOMI

Skulen driv på ein god måte og har eit positivt avvik på økonomi.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2022 er høgare enn tidlegare. Dette kjem av mykje smitte generelt. Mange har hatt influensa og korona. Det er noko meir legemeldt sjukdom.



Ulsteinvik barneskule

LEIAR: KAREN STRAND

Ulsteinvik barneskule har skuleåret 2022–2023 467 elevane fordelt på sju klasser, og 74 tilsette. Vi arbeider for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø og at alle skal få oppleve meistring og læring.

Situasjonen i Europa har resultert i at elevtalet på skulen har auka dette skuleåret. Skulen har teke i mot om lag xxx flyktningar som er busette i Ulstein kommune. For å få til dette har vi oppretta to klasser med særskilt norskopplæring der elevane er delar av dagen. Utanom timane elevane har fått til norskopplæring har vi arbeidd for å inkludere dei inn i klassene og skulemiljøet. Det har vore krevjande, men lærerikt og givande å ta i mot desse elevane. Både lærarar og elevane har gjort ein stor og god innsats i å inkludere flyktningane inn i skulemiljøet.

Skulen opplever jamne resultat i elevundersøkinga og nasjonale prøver. Elevane melder om at dei får god støtte frå lærarar og at det er ein god læringskultur ved skulen.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor og viktig del av tilbodet til skulen. Dette skuleåret er det 164 barn som har nytta seg av tilbodet. Vi ønsker å ha fokus på lek, meistring og glede i SFO.

Vi har arbeidd med desse målsettingane dette skuleåret:

- ▶ arbeide for eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø
- ▶ utvikle kompetansen i arbeidet med leseopplæringa
- ▶ utvikle gode årsplanar for fag som sikrar tverrfagleg undervisning og god samheng mellom faga

ØKONOMI

Ulsteinvik barneskule har eit negativt resultat på økonomi. Avviket skuldast høge utgifter knytt til vikarbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Ulsteinvik barneskule hadde eit sjukefråvær på 7,8 i 2022. Vi har opplevd i auke i sjukefråværet, dette er noko vi kjem til å ha fokus på framover.

ÅRSVERK	TILSETTE		
67,12	72		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	38,4	42,8	47,5
Budsjett	36,8	41,2	44,2
Avvik	-1,6	-1,6	-3,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	5,85	6,71	7,8

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og rask handtering av mobbesaker
- ▶ ha fokus på lesing som grunnleggande ferdigheit, og innføring av undervisningsmetodar knytt til ny læreplan
- ▶ systematisk kartlegging av elevane si læring og oppfølging for elevane som har behov
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprossar for tilsette og godt samarbeid med tillitsvalde



Ulstein ungdomsskule

LEIAR: TOR ARNE AASEN

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik og har 320 elevar i alderen 13–16 år, fordelt på 13 klasser. Skulen har fokus på fagfornyninga, teknologi og dugleikar for det 21. århundret - kreativitet, kritisk tenking, samarbeid og kommunikasjon.

Ungdomsskulen har også tydeleg profil med tanke på sosial læring/livsmeistring. Det vert gjort mykje godt arbeid gjennom at vi er MOT-skule. Men ikkje minst handlar det om det solide grunnarbeidet som vert lagt ned kvar dag av tilsette i møte med elevane – enkeltvis og i klassene.

Elevmiljøet er jamt over godt. Elevundersøkinga viser at dei fleste trivst godt og at det er relativt lite mobbing. Det er stort fokus på å førebygge og følge opp når saker oppstår.

Skulen har raskt tilpassa seg flyktningssituasjonen. Ikkje alle tiltak har naturlegvis vore mogleg å førebu like godt, men det er utvist stor fleksibilitet for å få dette til. Vi har også teke samfunnsansvar ved å tilby

språkpraksis for vaksne flyktningar.

Tilgangen på vikarar midt i året har til tider vore noko vanskeleg – til liks med trendar også i ein del andre kommunar. Det er fokus på å vere i forkant på dette ved å tilsette ekstra før skulestart.

Samarbeidet med Høgskulen i Volda tilfører mykje positivt gjennom at vi er lærarutdanningsskule og praksisskule. Det handlar også om å ta eit utvida samfunnsansvar.

Vidareutdanning av lærarar har også dette året vore prioritert og gitt både nødvendig formell kompetanseheving i tråd med nye krav, og har tilført skulen og noverande elevar nyttig påfyll i læringssituasjonane.

ØKONOMI

Skulen leverer i tråd med budsjettet.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har noko auka sjukefråvær. Vi har fokus på reduksjon av dette.

ÅRSVERK	TILSETTE		
49,76	58		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	41,2	42,2	44,4
Budsjett	41,9	42,7	44,8
Avvik	0,7	0,5	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	4,25	5,37	10,02

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk arbeid med fagfornyninga for å auke læringa til elevane
- ▶ innført karakterfri undervegsvurdering
- ▶ vidareutvikle profesjonelle tilsette med godt elev- og menneskesyn
- ▶ systematisk arbeid med MOT-programma
- ▶ teknologi og IKT er utbreidd i skulekvardagen
- ▶ satsing på lesing gjennom interkommunalt samarbeid
- ▶ satsing som lærarutdannings-skule og praksisskule

ÅRSVERK	TILSETTE		
15,2	17		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	8,1	8,6	8,7
Budsjett	8,9	8,6	9,1
Avvik	0,8	0,0	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	7,26	15,05	16,36

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ arbeide for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til barn og personale
- ▶ fokus på det autoritative perspektiv
- ▶ regional kompetanseutvikling med fokus på alternativt supplerande kommunikasjon
- ▶ implementering av dei nye lovparagrafane i barnehagelova
- ▶ leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og involvering av tillitsvalde og verneombod. Prosjekt ilag med Nav, om rolleforståing og partssamarbeid
- ▶ samarbeid med bedriftshelse-tenesta for å redusere sjukefråvær
- ▶ kartlegging og kurs om vald og truslar



Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

Sundgotmarka har i 2022 hatt 61 barn fordelt på tre avdelingar og to hus. Det er 18 fast tilsette.

Visjonen til barnehagen er: Vi gir barn ein meiningsfull og inkluderande kvardag.

Sundgotmarka barnehage skal vere ein god stad å vere for barn, foreldre og personale.

Barnehageåret 2022–2023 har vi systematiske arbeidd med:

- ▶ barnehagen sitt verdigrunnlag
- ▶ implementering av nye lovparagrafar i barnehagelova kapittel 3 og 8
- ▶ reindyrka profilen vår uteliv og nærmiljø
- ▶ prosjektarbeid og pedagogisk dokumentasjon
- ▶ barnehage-HMS

Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage. Resultatet viser god skår på relasjonar og trivsel. Ute- og inneareal og informasjon er punkt vi hadde låg skår på.

Vi gjennomførte 10-faktor medarbeidarundersøking. Den viste bra resultat. Gode resultat på prososial motivasjon og meistringsorientert leing. Lågast skår på autonomi og relevant kompetanseutvikling. Dialogen i etterkant av undersøkinga framhevar slitasje i personalgruppa grunna mellombelse lokale og at vi er fordelt på to hus. Dette gir driftsutfordringar.

ØKONOMI

Budsjettrammene er varetatt. Ikkje overforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er høgare enn i fjor. Noko korttidsfråvær er koronarelatert, også i 2022. Vi har oppretta HMS-gruppe i 2022 med representantar frå Delta og Utdanningsforbundet, i tillegg til verneombod. Arbeidsrelatert sjukefråvær er eit av dei faste momenta i gruppa.

Langtidsfråvær skuldast arbeidsavklaringar som no er avklart.

ÅRSVERK	TILSETTE		
7,25	16		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	6,7	7,1	7,3
Budsjett	6,7	7,0	6,9
Avvik	0,0	-0,1	-0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	4,85	6,92	12,03

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ undervise i musikk, kunst og dans i tråd med rammeplan for kulturskolen: «Mangfald og fordyping»
- ▶ ha fokusområdet lærelyst og meistring for å auke elevane si læring, utvikling og trivsel
- ▶ styrke samarbeidet mellom heim og skule
- ▶ bygger det profesjonelle læringsfellesskapet for å auke læring, utvikling og trivsel for dei tilsette



Ulstein kulturskule

LEIAR: JULIANNE HAUGE

Ulstein kulturskule har skuleåret 2022–2023 364 elevar, fordelt på 502 elevplassar i musikk, kunst og dans. Vi sel dirigenteneste til to skulekorps og eit vaksenkorps.

Lærelyst og meistring er fokusområde dette skuleåret. Vi er alltid nysgjerrig på elevane sine ambisjonar, interesser og føresetnader for å lære, og tilpassar undervisning og aktivitet til kvar enkelt elev og gruppe. Elevane våre skal oppleve å verte sett, mestre og inkludert i gode fellesskap, i kulturskulen og i lokalsamfunnet vårt.

Forventningar til kulturskulen er at vi bryr oss og at vi er profesjonelle. Vi har høge ambisjonar på vegner av elevane, og er undersøkende etter elevane sitt ambisjonsnivå og kva som motiverer til vidare læring. Lærarane våre har høg fagkompetanse og er gode på relasjonsbygging.

Læraren peikar alltid på utvikling og har fokus på eleven si meistring. Samtidig gir vi gode råd for vidare læring. Elevane skal oppleve å vere aktive i eigen læringsprosess.

Vi har eit inkluderande og trygt skulemiljø, der målet er at alle skal kjenne seg som ein del av fellesskapet.

Målet for kulturskulen er at vi skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet. Vi jobbar samtidig med å utvikle oss til eit lokalt ressursenter og ein naturleg samskappingsaktør for andre avdelingar i kommunen og det frivillige kulturlivet. Framtidas kulturskule skal vere ein dørøpnar for samskaping i framtidens kommune.

ØKONOMI

Eit negativt avvik på budsjett i hovudsak knytt til auka behov for vikar, oppgradering av datautstyr og auka straumutgifter.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har ein auke i sjukefråvær som i hovudsak er knytt til langtidsfråvær, i nokre tilfelle knytt til dei fysiske arbeidsforholda.



Almejordet barnehage

KONSTITUERT LEIAR: LINDA CHRISTIN ARNEBERG

Almejordet barnehage har i 2022 hatt 66 barn fordelt på tre avdelingar.

Målsettinga til barnehagen er:

Trivsel for store og små.

Både store og små skal trivast saman i eit godt psykososialt miljø som førebygger mobbing og krenkingar.

Trivselen til barna er alltid den vaksne sitt ansvar, og satsingsområdet det autoritative perspektiv, er utleia av dette. Nesten alle barn går i barnehage og oppheld seg store delar av dagen der. Barnehagen vil difor vere særdeles viktig med tanke på tidleg innsats i eit livslangt læringsperspektiv. Det stiller krav til kompetanse hos dei tilsette om å fornye innhald og arbeidsmåtar i samsvar med forskningsbasert kunnskap. Dette arbeider vi systematisk med gjennom kompetanseløft i samarbeid med pedagogisk-psykologisk teneste.

Det pedagogiske synet til barnehagen er inspirert av Reggio Emilia-tenkinga, og tek utgangspunkt i følgande viktige tema: syn

på barn, dialog, vaksenrolla, læringsmiljøet, tidsperspektivet, pedagogisk planlegging og dokumentasjon.

Vi gjennomførte Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking for barnehage. Resultatet viser god skår på relasjonar og trivsel. Ute- og inneareal og informasjon er punkt vi kan utvikle oss på.

ØKONOMI

Eininga gjekk med eit mindre underskot grunna stort vikarbehov og auka lønnskostnader. Dette skuldast auke i barnetalet og behov for pedagog for å følgje norm for bemanning i tråd med lovverket. Vi har sett inn tiltak for å redusere meirforbruket.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er litt lågare enn i fjor. Ein del langtidsfråvær i tillegg til korttidsfråværet, gjer at talet framleis er noko høgt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
15,4	16		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap		8,4	8,8
Budsjett		8,3	8,5
Avvik		-0,1	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær		10,85	9,18

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ systematisk endringsarbeid i heile personalgruppa med fokus på det autoritative perspektiv
- ▶ regional kompetanseutvikling med fokus på alternativt supplering kommunikasjon
- ▶ arbeide med implementering av dei nye lovparagrafane i barnehagelova
- ▶ leiinga vil legge opp til medverknadsprosessar for tilsette og høgt fokus på involvering av tillitsvalde og verneombod
- ▶ samarbeide med bedriftshelsetenesta for å redusere sjukefråværet. Vi har gjennomført kartlegging og kurs om vald og truslar. Støykartlegging og tiltaksrapport er gjennomført



Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

Ulstein bibliotek: Besøkstala har gått litt opp, og rundt 40 000 er innom biblioteket. Utlånet er rundt 20 000 bøker. I samarbeid med Ulstein mållag lånar vi ut bokkasser til barnehagane og vi fungerer som skulebibliotek for ungdomsskulen. Mange grupper, lag og organisasjonar nyttar seg av oss. Bibliotekvennane gjer ein svært viktig innsats. Vi har avtale med litteraturhus i Møre og Romsdal og kjøper årleg tre litterære arrangement med høg kvalitet. Behov for ein styringsplan/bibliotekplan.

Ulsteinbadet: Oppsving i besøkstala i 2022, og nærmar oss besøksrekordane frå 2018. Elevbesøka ligg på om lag 20 000, og talet på kommersielle besøk er på vel 52 000. Dette er vi godt nøgde med.

Sjøborg kulturhus og kino: Drifta er på veg tilbake der vi var før samfunnet stengde ned grunna korona. I 2022 hadde Sjøborg kino 22 000 besøkande, og nok eit år med førsteplass i Kommunebarometeret. Utviklinga var også den same for kulturarrangementa.

Bell Ungdomsklubb har hatt ope i snitt to kveldar per veke i tillegg til ein ettermiddag i veka med middag/leksetilbod. Vi har hatt klassefestar og ulike workshopar - frå sushi til teikneserie.

Alle med/Ung Arena: Open hall og gaming er faste aktivitetar, i tillegg til arrangement i skuleferiar og under «Sommarcamp».

Frivilligsentralen leverer eiga årsmelding.

ØKONOMI

Høge straumprisar har gitt meirforbruk ved Ulstein Arena. Meirkostnader knytt til reperasjon av mobilscene på om lag 200 000 kroner, og eit enkelttiltak knytt til aktivitetstilbod/allidrett (300 000 kroner) som ikkje vart starta opp.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet gjeld både kortidsfråvær og fleire langtidssjukemeldingar. Dialogen med dei tilsette er god og det er ikkje avdekt arbeidsplassrelatert fråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,48	24		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	28,1	28,2	28,6
Budsjett	26,6	27,4	27,0
Avvik	-1,5	-0,8	-1,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	5,35	7,32	8,64

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere ein kreativ og aktiv medspelar for frivillig sektor i kommunen
- ▶ kulturavdelinga sine einingar som Ulsteinbadet, Sjøborg kulturhus og kino, skal ha eit særskilt fokus på attraktivitet, sal/marknadsføring og økonomisk inntening i drifta
- ▶ arbeide for at innbyggjarane i kommunen utviklar godt samhald, stolt identitet og opplever trivsel og bulyst i kvardagen
- ▶ det overordna perspektivet for avdelinga er at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp og ein god stad å leve heile livet

ÅRSVERK	TILSETTE		
6,8	7		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	2,3	4,2	3,6
Budsjett	2,7	3,5	4,0
Avvik	0,5	-0,7	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	0,98	3,99	8,14

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere pådrivarar for fornying og forbetring gjennom digitalisering, og legge til rette for ein kultur prega av innovasjon, nytenking, prøving og feiling
- ▶ ha oppdaterte rutinar og framdriftsplanar som sikrar at vi held fokus på tiltaka gjennom heile året, og at avdelinga har gode planprosessar som sikrar medverknad og berekraftig utvikling
- ▶ ha nødvendige faglege og digitale kunnskapar, ferdigheiter og verktøy blant medarbeidarane
- ▶ ha tenester og arbeidsprosessar som tek utgangspunkt i behova til brukarane



Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

Innanfor plan har det vore halde fire oppstartsmøte, fire detaljreguleringsplanar var oppe til første gangs handsaming, og fem planar vart vedtekne i kommunestyret. Vi fekk på plass nytt digitalt planregister ilag med kommunane i sjustjerna, www.arealplaner.no. Her får du sett plankart, føresegner og behandlingar samla. Verktøyet har også innbyggardialog for innspel. Disposisjonar som har vore handsama visast samla i kartet.

Barnetrakk for 6. trinn og 9. trinn vart gjennomført på alle skulane våre.

Det har vore arbeid med å få på plass planomtale, kart og føresegner for interkommunal kystsonplan, og avdelinga starta opp med å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.

Byggeaktiviteten tok seg opp mot slutten av året. Bustadfeltet på Skeide har stått for mykje av dette – det er til no gitt byggeløyve til åtte einestader og til saman 27 bueningar innanfor områda for tettare utnytting. Det har vore få,

men til dels omfattande frådelingssaker. Vi tok i bruk oppmålingsforretning Felt, eit verktøy som effektiviserer gjennomføringa av oppmålingsforretninga, då mykje av jobben kan først direkte inn i fagsystem ute i felt.

Begge oppmålingsingeniørane vart autoriserte landmålarar og var med det blant dei første i fylket som fekk denne lovpålagde autorisasjonen.

I samband med busetting av flyktningar frå Ukraina var byggesak med Ulstein Eigedomsselskap KF på mange tilsyn for å vurdere utleigebustader opp mot plan- og bygningslova.

Avdelinga har også ansvar for eigedomsskatt.

ØKONOMI

Budsjettmålet vart nådd med eit mindre positivt avvik.

SJUKEFRÅVÆR

Det høge sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
7,6	8		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	5,9	7,0	6,9
Budsjett	5,6	4,8	5,3
Avvik	-0,3	-2,2	-1,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjuefråvær	4,76	5,92	2,22

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ tydeleg fokus på god drift
- ▶ god prosjektgjennomføring
- ▶ høg bruk av intern kompetanse til planlegging av utbyggingar. Lokalkjennskap er gull verd



Anleggs- og driftsavdelinga

LEIAR: ODD KÅRE WIIK (NY LEIAR FRÅ 1. 12 2022: JØRGEN HAGESELLE)

Vatn: Det er produsert om lag 1 256 000 m³ vatn i 2022. Fire små vassbrot. Vasskvaliteten er på toppnivå. Hovudplan for vassforsyning 2022–2030 vart vedteke. Vi deltek aktivt på driftsoperatørsamlingar.

Utbyggingar: Arbeidet med ny trykkauke-stasjon på Kolbeinshaugane vart starta. Skeide bustadfelt vart ferdigstilt. Legging av hovudvassleidning V20 i Haddal vart starta. Hovudvassleidning etappe 4 vart ferdigstilt.

Avløp: Stabilt. Resipientundersøking utført, og vi jobbar vidare med resultatane av denne. Vi jobbar kontinuerleg med retting av kartgrunnlag.

Utbyggingar: Oppstart avløpsleidning langs elv forbi Bil-Xtra i Saunesmarka for næringsstomter. Oppgradering pumpestasjon Skeide ytre.

Veg: Vintervedlikehald påverkar sommarvedlikehald. Lite til overs til asfaltering og reparasjon. Enkelte vegar er på eit kritisk nivå. Vegetasjonsrydding langs kommunale vegar.

Utbyggingar: Forlenging av Størhølvengen til nye næringsstomter med straum og VA. Tursti frå indre Haddal til Rinden vart bygd.

Grønt: Fokus på eit triveleg sentrum og god framkomst på turstiane våre.

Maskiner: Brukbart med utstyr. Ikkje løyvingar til ny lastebil. Uheldig for eit køyretøy i brøyteberedskap. Dei eldste maskinene har høge driftsutgifter grunna behov for reparasjonar.

Anna: Vi er representert i eit samarbeidsforum for sjustjerna der vi deler erfaringar innan både vatn, avløp, veg og grønt. Dette er svært nyttig.

ØKONOMI

Bra treff på rekneskap kontra budsjett på VA. Stor overskriding på grønt, om lag 700 000 kroner. Stor overskriding på veglys, om lag 900 000 kroner. Om lag 300 000 kroner overskriding på kommunale vegar.

SJUKEFRÅVÆR

Positiv utvikling i sjukefråværet. Det er halvert sidan førre år.



Inkludering og mangfald

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Inkludering og mangfald i Ulstein (IMU) rommar tenesta for flyktningar, spesialpedagogisk team for førskulen (FØ-teamet) og Ulstein kompetansesenter med kommuneloped, norskopplering, grunnskule og spesialpedagogikk for vaksne. Eit overordna mål for alle tenestene i IMU er å gi kompetanse for arbeids- og kvardagsliv til tenestemottakarane.

Krigen i Ukraina gjorde 2022 til eit spesielt år. Ulstein kommune busette 136 flyktningar, noko som er ei mangedobling av talet som var planlagt ved starten av året. Elevtalet ved kompetansesenteret auka frå om lag 70 til 200. IMU har også koordinert kommunen sitt ansvar som vertskommune for asylmottaket som Link AS etablerte. Dette gjorde at vi raskt måtte bygge opp kapasitet i tenestene. For å lykkast med busetting og yte gode tenester har vi vore avhengig av omfattande og godt samarbeid med fleire av dei andre tenestene i kommunen. Mellom anna har Ulstein Eigeidsselskap KF skaffa og kvalitetssikra alle bustader. I arbeidet med busetting har

IMU særleg hatt to hovudfokus; legge til rette for god kvardagsintegrering og jobbe for at flest mogleg av dei vaksne skal kome raskt vidare i arbeid eller utdanning. I tillegg til å yte teneste til eigne innbyggjarar, har IMU selt tenester til Sande kommune.

Utover arbeidet med flyktningar, har om lag 15 elevar fått spesialundervisning for vaksne. FØ-teamet har, i samsvar med enkeltvedtak, gitt tilrettelegging og spesialpedagogisk oppfølging av barn i seks barnehagar, og logopeden har ytt tenester til barn som er innsøkt.

ØKONOMI

I 2022 fekk vi ein kraftig auke utover budsjett i integreringstilskot og tilskot knytt til opplæring av vaksne. Dette med bakgrunn i flyktningssituasjonen.

SJUKEFRÅVÆR

IMU har hatt ei positiv utvikling i sjukefråværet, men har relativt mange langtidssjukmeldingar.

ÅRSVERK	TILSETTE		
22,1	29		
NETTO RESULTAT*	2020	2021	2022
Rekneskap	-4,2	2,1	-21,4
Budsjett	-0,4	2,3	-0,1
Avvik	3,8	0,2	21,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjuefråvær	8,74	13,72	7,95

* tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ styrke introduksjonsprogrammet og ha fokus på god rådgjeving for å bidra til at fleire går over til arbeid eller vidaregåande utdanning
- ▶ fokus på brukarmedverknad og individuell tilpassing av tenestene
- ▶ fokus på godt samarbeid og samhandling med kommunale tenester, frivillige lag og organisasjonar og andre instansar



Nav

LEIAR: ALEXANDER MÅSEIDVÅG

Året har vore prega av stor aktivitet, der flyktningssituasjonen i samband med krigen i Ukraina har hatt stor innverknad på drifta. Kontoret har hatt eit stort arbeid med å etablere mange flyktningar i kommunane våre. Vi har samarbeida tett og godt med flyktningstenestane i dette arbeidet.

Vi har levert gode og tilgjengelege tenester til innbyggjarane, og hatt fokus på kvalitet og utvikling i brukaroppfølginga.

Vi har starta opp med tidleg innsats i sjukefråværsoppfølginga for å hindre langvarig sjukefråvær og utanforskap.

Samarbeid med andre kommunale tenester har vore viktig for å bidra til meir heilskaplege tenester til dei vi følger opp.

ØKONOMI

Det er eit avvik på 3,6 millionar kroner i høve til budsjett. Årsaka kjem i hovudsak frå auke i sosialhjelpsutbetalingane knytt til flyktningssituasjonen.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet var 5,9 prosent for statleg tilsette og 14,6 prosent for kommunalt tilsette i 2022. Samla sett var sjukefråværet på 8,2 prosent

ÅRSVERK	TILSETTE		
28,6	29		
NETTO RESULTAT	2020	2021	2022
Rekneskap	11,2	10,4	15,1
Budsjett	9,9	9,5	11,5
Avvik	-1,3	-0,9	-3,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	3,3	8,7	8,2
* tal i mill. kroner			
DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA			
▶ tilby tilrettelagde kvalifiserings-tiltak til dei som treng det for å kome i arbeid ▶ styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga ▶ styrke samarbeidet med næringslivet ▶ betre tverrfagleg samarbeid			

ÅRSVERK	TILSETTE*		
4,99	34		
NETTO RESULTAT**	2020	2021	2022
Rekneskap	7,2	8,0	8,3
Budsjett	8,0	8,2	8,5
Avvik	0,9	0,2	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2020	2021	2022
Sjukefråvær	3,75	3,99	16,18

* interkommunalt ** tal i mill. kroner

DETTE VIL VI GJER FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ vere bemanna, utstyrt og opplært til å kunne takle dei utfordringane vi vert ståande overfor og som det er forventa at vi skal kunne handtere, jamfør gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak
- ▶ det førebyggjande arbeidet har fokus på tilsyn med særskilte brannobjekt, informasjonstiltak og arbeid blant utsette grupper (eldre pleie-trengande, personar med nedsett funksjonsevne, personar knytt til rus, og asylsøkarar og flyktningar)
- ▶ beredskap skal fokusere på rask utrykking frå stasjonane og kompetanse i alle ledd



Hareid og Ulstein brannvesen

LEIAR: OLAV HELT BRUBAKK

Førebyggjande avdeling gjennomførte 23 ordinære tilsyn og utførte 33 tilsyn med private utleigebustader til flyktningar i lag med UEKF og byggesak, åtte tilsyn i kommunale bustader og tre tilsyn i sameige/burettslag.

Feiarane har utført følgande arbeid:

Ulstein: 213 tilsyn og kontakt med 41. Feia 223 og tilbod om feiing til 13 andre.

Hareid: 276 tilsyn og kontakt med 68. Feia 207 og tilbod om feiing til 45 andre.

Det har også vore ført tilsyn og feia i Herøy.

Det har også vore utført sjekk etter sotbrann, fresingar av beksot, reingjering av eldstader, plombering av eldstader, kontroll av nye eldstader med meir.

I beredskapsavdelinga har vi hatt 175 registrerte hendingar, 124 i Ulstein og 51 i Hareid.

Av desse var tre bygningsbrannar (ein i Ulstein og to i Hareid), og elleve trafikkulykker (åtte i Ulstein og tre i Hareid).

ØKONOMI

Vi har fått eit tilfredsstillande resultat i 2022. Etter samarbeidsavtalen med Hareid skal både positivt og negativt resultat delast 55 prosent i Ulstein og 45 prosent i Hareid.

SJUKEFRÅVÆR

Vi har i 2022 hatt ein god del langtidsfråvær, spesielt fødselspermisjonar.



UKM (Ung Kultur Møtest). Isa Brevik og Jenny Warholm Engh representerte Ulstein kommune under UKM fylkesfestival hausten 2022. Foto: Marie Flatin



MOT til å glede-dagen i november 2022. Unge MOTivatorar ved Ulstein ungdomsskule saman med MOT-ambassadør Syver Skundberg Skeide på Hødd Fotball sitt A-lag. Foto: Marie Flatin



Ungdomsrådet med gode mentorar. Framme frå venstre: Henrikke Antonsen, Amanda Osnes Låbakk (leiar). Midten frå venstre: Astrid Eline Breivik Andersson, Sveinung B. Snipsøyr, Brage Skodjevåg Bø, Julie Vels Poulsen, Ella Tødenes og Nikolai Skorgen Drage.

Bak frå venstre: Niels Adon Leenders (Ungdomspanelet i Møre og Romsdal), Annika Brandal (koordinator for ungdomsrådet), Knut Erik Engh (ordførar), Marie Flatin (ungdomsarbeidar/ MOT-koordinator- og coach), Linda Rud (Høgre) og Hans Petter Th. Ulstein (Høgre).

Foto: Janne-Marit Myklebust

Folkehelseprofilen 2023



Faksimile frå rapport utarbeidd av Folkehelseinstituttet

Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I KommuneHelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no>, finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Tema		Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Folkehelsebarometer for Ulstein
Befolkning	1	Andel barn, 0-17 år	22,5	20,6	20,4	prosent	
	2	Andel over 80 år	4,5	5,1	4,4	prosent	
	3	Andel 80 år+, framskriven til 2040	8,5	9,8	8,2	prosent	
	4	Personar som bur aleine, 45 år +	24,0	24,9	26,3	prosent	
	5	Befolkningsvekst	-0,21	0,11	0,63	prosent	
Oppvekst og levekår	6	VGS eller høgare utdanning, 30-39 år	85	80	81	prosent	
	7	Vedvarande låg inntekt, 0-17 år	6,3	8,7	12	prosent	
	8	Ulikskap i inntekt, P90/P10	2,7	2,6	2,8	-	
	9	Barn av einslege forsørgarar	10,9	13,6	14,7	prosent	
	10	Unge som står utafor, 15-29 år	9,1	8,7	9,5	prosent (a,k)	
	11	Leiger bustad, 45 år +	11,3	11,8	12,2	prosent	
	12	Bur trongt, 0-17 år	12	13	18	prosent	
	13	Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	22	25	23	prosent (k)	
	14	Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	15	23	24	prosent (k)	
	15	Gjennomføring i vdg. opplæring	86	81	79	prosent (k)	
Miljø, skadar ogulykter	16	Høg tilfredsheit med livet, Ungd. 2022	47	-	50	prosent (a,k)	
	17	Drikkevatn, hygienisk og stabilt	100,0	85,3	90,7	prosent	
	18	Luftkvalitet, finkorna svevestøv	2,8	2,8	4,8	µg/m³	
	19	Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2022	85	-	84	prosent (a,k)	
	20	Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2022	64	-	58	prosent (a,k)	
	21	Fornøgd med lokalmiljøet, Ungd. 2022	78	-	67	prosent (a,k)	
	22	Fornøgd med treffstadar, Ungd. 2022	75	-	55	prosent (a,k)	
Helse-relatert atferd	23	Einsemd, Ungdata 2022	21	-	23	prosent (a,k)	
	24	Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	18	29	27	prosent (k)	
	25	Skjermtid over 4 timar, Ungd. 2022	52	-	45	prosent (a,k)	
	26	Røyking, kvinner	-	2,8	2,8	prosent (a)	
Helsestilstand	27	Forventa levealder, menn	81,3	80,7	80,1	år	
	28	Forventa levealder, kvinner	85,0	84,6	83,9	år	
	29	Utd.forskjell i forventa levealder	4,9	4,2	5,1	år	
	30	Psykiske sympt./lidningar, 0-74 år	137	156	160	per 1000 (a,k)	
	31	Overvekt og fedme, 17 år	23	24	22	prosent (k)	
	32	Hjarte- og karsjukdom	16,6	16,6	17,2	per 1000 (a,k)	
	33	Antibiotikabruk, reseptar	342	273	262	per 1000 (a,k)	
	34	Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år	97,7	97,9	97,3	prosent	

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkinga manglar. Les om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkinga manglar og om endringar i tal for 2021 [her](#).

1./2. 2022. 3. 2040, utrekning basert på middels vekst i fruktbarheit, levealder og netto innflytting. 4. 2022, i prosent av befolkninga. 5. 2021. 6. 2021, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 7. 2019-2021, barn (0-17 år) som bur i hushald som i ein periode over tre år har ein gjennomsnittleg inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 8. 2021, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. 9. 2019-2021, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 10. 2021, omfatter dei som ikkje er i arbeid, utdanning eller opplæring (NEET). 11. 2021, andelen er presentert i prosent av personar i privathushald. 12. 2021, å bu trongt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden. 13./14. Skuleåra 2019/2020-2021/2022. 15. 2019-2021, omfatter elevar busett i kommunen. 16. U.skole, dei som vel 8-10 på en skala fra 0-10, der 0 er det verst moglege livet dei kan tenke seg og 10 det best moglege. 17. 2021, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli og stabil levering av drikkevatn. Omfatter vassverk som forsyner minst 50 personar. Tala bør vurderast i lys av andelen som er tilknytt vassverk i kommunen, sjå KommuneHelsa statistikkbank. 18. 2021, mikrogram per kubikkmeter (µg/m³) finkorna svevestøv (PM2,5) som befolkninga i kommunen er utsett for. 19. U.skole, opplever at nærområdet er trygt på kveldstid. 20. U.skole, svarer «ja, eg er med nå». 21. U.skole, svært eller litt fornøgd. 22. U.skole, svært bra eller nokså bra tilbod. 23. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 24. 2021-2022, oppgitt ved nettbasert sesjon 1. 25. U.skole, dagleg utanom skulen. 26. 2017-2021, føddande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet, oppgitt i prosent av alle føddande med røykeopplysningar. 27./28. 2007-2021, berekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit. 29. 2007-2021, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd. og dei som har vidaregåande eller høgare utd. 30. 2018-2020, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 31. 2019-2022, KMI som svarar til over 25 kg/m², basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 32. 2019-2021, omfatter innlagde på sjukehus og/eller døde. 33. 2021, 0-79 år, utleveringar av antibiotika ekskl. metenamin på resept. 34. 2017-2021. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, Vernepliktsverket, Vassverksregisteret, Primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet), Hjarte- og karregisteret, Reseptregisteret, Meteorologisk institutt, Medisinsk fødselsregister og Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. For meir informasjon, sjå <http://khs.fhi.no>.



LEIAR PAUL ARNE ULSTEIN

Ulstein Eigedomsselskap KF

Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) sitt formål er å drive ei forretningsmessig og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning, noko som inneber ansvar for forvaltning og utvikling av eigedomsmassen til kommunen (ca. 80.000 kvadratmeter). Dette inkluderer drift, vedlikehald, rehabilitering, utbygging, utleige, kjøp og sal. UEKF representerer Ulstein kommune ved utvikling av nye byggeprosjekt gjennom prosjektleiing og byggherrefunksjon.



Aage Christensen hadde sin siste arbeidsdag som dagleg leiar i UEKF og Ulstein Fjernvarme i september 2022. På bildet: prosjektleiar Idar Brekke, dagleg leiar Aage Christensen, prosjektleiar Anne Hestflått, leiar eigedomsforvaltning Frode Volla, rådgivar bustad og utleige Trine Sæter, reinhaldsleiar Heidi Lunde Øvereng, konsulent fag/stab Alf Helge Hide og bustadkoordinator Eli-Marte Fjærtøft. Foto: Janne-Marit Myklebust

MÅL

- ▶ vere ein trygg og påliteleg forvaltar og driftar av den kommunale bygningsmassen i Ulstein kommune
- ▶ vere den beste tenesteytaren til dei ulike etatane i Ulstein kommune
- ▶ vere med å utvikle den kommunale eigedomsmassen i Ulstein kommune, sett frå eit berekraftig perspektiv

Vår oppgåve er å **vareta, skape og utvikle** verdiar for Ulstein kommune gjennom gode byggeprosjekt, smart forvaltning og ressurseffektiv drift. UEKF skal **legge til rette** for funksjonelle og kostnadseffektive lokale til dei kommunale tenestene.

Året 2022 har vore prega av høg aktivitet innanfor små og store prosjekt. Tilsette i føretaket har jobba hardt for å gi dei tilsette i kommunen gode arbeidsforhold og gode opplevingar for brukarar av dei kommunale bygga. Vidare jobbar vi aktivt for å vere ei god fagleg støtte for administrasjonen og dei folkevalde i kommunen. Arbeidet med bruk av nye verktøy og utnytting av teknologi har prega kvardagen til våre tilsette og leiarar. UEKF fekk på plass ny dagleg leiar, Paul Arne Ulstein, frå 01.10.2022. Aage Christensen var dagleg leiar fram til då.

PROSJEKT

Avdelinga har jobba med fleire mindre bygge- og rehabiliteringsprosjekt i 2022 og hatt prosjektstøtte til driftsavdelinga i tillegg til avslutning av dei store byggeprosjekta nye Ulsteinvik barneskule og Ulstein brannstasjon. Oppgradering av ventilasjonsanlegget og integrering opp mot toppsystemet Normatic på Ulstein ungdomsskule starta hausten 2022. Prosjektavdelinga har også vore representant inn i prosjektet med bygging av den nye turnhallen på Høddvoll. Vidare har vi gjennomført oppgradering av leike-

området ved Hasund skule og endring av bruken av leilegheitene ved Hovstølvegen til tvungen omsorg.

Vi har også jobba mykje med utgreiing av nye prosjekt, der barnehage i Hasund krins og nye omsorgsbustader har vore dei mest arbeidskrevjande. Vi har i tillegg deltatt i prosjektet som jobbar for nye administrasjonslokale for Ulstein kommune.

Prosjektavdelinga arbeidde også med prosjekt innanfor Ulstein Fjernvarme.

REINHOLD

Avdelinga har særleg arbeidd med å nytte dei nye digitale reinhaldsplanane der dei også registrerer avvik som vert observert på bygg. Avdelinga har også tatt i bruk robotar og dispenserar med sensor. Det er oppretta HMS-gruppe for heile UEKF. Alle på reinhald har vore inne til helsekontroll hos bedriftshelsetenesta Avonova.

BUSTAD OG UMLEIGE

Frå 01.01.2022 starta UEKF med leige til eige-konseptet. UEKF selde fire bustader i 2022 der leigetakarar fekk kjøpt kommunale bustader. Leigetakarane er avhengige av å få startlån for å kunne klare å kjøpe kommunale bustader.

Avdelinga busette 136 flyktningar. For å kome i mål med busettinga nytta avdelinga seg av framleige av kontraktar. Teknisk etat og brannvesenet var med på synfaring

av leilegheitene for godkjenne dei.

EIGEDOMSFORVALTNING

Det er gjennomført leikeplasskontroll og iverksett innkjøp for å få på plass nytt utstyr. Avdelinga har gjennomført kompetanseheving innan fallsikring, i tillegg til FSE-kurs* for instruert personell. Effektive arbeidsmåtar gjennom bruk av rett utstyr og fokus på bruk av robotar på sommarvedlikehald har vore sentralt. Det er ein del vedlikehaldsetterslep som vi prøver å kompensere for, og med rette investeringar får vi betre kontroll over dei ulike formålsbyggja.

ØKONOMI

Vesentleg større rentekostnader enn budsjettet, i kombinasjon med auka vedlikehaldskostnader, gjer at disposisjonsfondet vert redusert med 4,6 millionar kroner.

SJUKEFRÅVÆR

UEKF har jobba tett med Avonova for å sjå på tiltak for å redusere sjukefråvær. Sjukefråværet var i 2022 om lag 7 prosent. Dette er nesten halvert frå fjoråret. Så trenden er positiv.

Føretaket vil utarbeide eigen årsrapport og årsrekneskap.



Ulstein
Eigedomsselskap KF

* FSE=Forskrift som sikkerheit ved arbeid i – og drift av elektriske anlegg



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

www.ulstein.kommune.no



facebook.com/ulsteinkommune



instagram.com/ulsteinkommune